



## MØTEINNKALLING

**Utval:** Maritim og teknisk komite  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy Rådhus  
**Dato:** 25.06.2013  
**Tid:** 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**NB!! Oppmøte/synfaring i Vikane (sjå sak 60/13 - Kjartan Paulsen)**

Fosnavåg, 17.06.2013

Idar Tarberg  
leiar



## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 53/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 54/13	Protokoll frå førre møte.
PS 55/13	Delegasjonssaker
PS 56/13	Referatsaker
PS 57/13	Årsplan for Herøy brannvern 2013.
PS 58/13	Endring på skrivemåte - vegnamna: Edvin Jacobsen veg, Gerhard Voldnes veg, Jordmor Helgas veg, Hjelmesethvegen, Nedre Hjelmeseth, Kvihaug, Legane, Smålegane
PS 59/13	Klage på namnesak MTK-sak 106/12: Vegnamnet Torsethaugen
PS 60/13	Gnr 36 Bnr 2 - Frådeling av 2 bustadtomter
PS 61/13	Janett Manlapaz Tandberg 48/3 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på deling grunneigedom.
PS 62/13	Tømrer Prosjekt AS 29/346 - Søknad om dispensasjon frå utnyttingsgrad for etablering av 2-mannsbustad
PS 63/13	Siv Midtlien og Are Pilskog 82/5 - Søknad om dispensasjon - oppføring av naust
PS 64/13	Svanhild Jørgine Helde 40/13 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på deling av grunneigedom.
PS 65/13	Jørn Roar Sundnes 30/63 - Søknad om dispensasjon frå u-grad - oppføring av tilbygg til bustadhus
PS 66/13	Aurvoll og Furesund AS 35/148 og 34/399 - Løyve til tiltak masseutskifting
PS 67/13	Gnr 4 Bnr 106 - Frådeling av næringsareal på Kvalsund hamn

Delegasjonssaker frå avdelingane

- DS 98/13 Stian Åge Kleppe 19/32 - Løyve til tiltak - oppføring av garasje / tilbygg.
- DS 99/13 Baro Industriereiendom AS 22/28 - Løyve til tiltak - tilbygg til kompositthall
- DS 100/13 Åsmund Eide 54/65 - Ferdigattest
- DS 101/13 Silje Hoff Aksnes og Ole Johan Aksnes 58/55 - Ferdigattest
- DS 102/13 Karl-Anton Voldnes 79/9 - Løyve til oppføring av reiskapshus.
- DS 103/13 Stine Goksøyr og Øyvind Rekkedal 24/84 - Igangsettingsløyve for grunnarbeid
- DS 104/13 Tonje FLusund og Jim Kvalsvik 4/301 - Midlertidig bruksløyve - bustadhus og garasje
- DS 105/13 Stine Goksøyr og Øyvind Rekkedal 24/84 - Handsaming av klage og omgjering av vedtak - nytt igangsettingsløyve
- DS 106/13 Rakel Arlen Furset og Knut Helge Legernes 40/27 - Ferdigattest
- DS 107/13 Stine Goksøyr og Øyvind Rekkedal 24/84 - Løyve til endring av rammeløyve for bustadhus
- DS 108/13 Tonje Djupvik Flusund og Jim Kvalsvik 4/301 - Løyve til tiltak - oppføring av støttemur og trapp.
- DS 109/13 Robert Gjerdsbakk 4/264 - Løyve til tiltak u/ansvarsrett - oppføring av grill- badehus m/terasse.
- DS 110/13 Rita SørDAL 34/470 - Løyve til tiltak - utviding av bad/soverom.
- DS 111/13 Odd Gunnar Kvalsvik 7/16 - Forsterking av tilkomstveg
- DS 112/13 Gunnar Berge 29/17 - Mellombels bruksløyve - bustadhus.
- DS 113/13 Unni Hjørdis Evensen og Roar Evensen 11/143 - Rammeløyve for oppføring av to rorbuer.
- DS 114/13 Amalie Leikanger/Ole-Ottar K. Høgstavoll 46/71/2 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - utviding terrasse.
- DS 115/13 Bjørg Sæter -78/8 - Løyve til riving av eldre bygningar
- DS 116/13 Gnr 60 Bnr 46 - Frådeling av bustadtomt
- DS 117/13 Gnr 9 Bnr 12 -Frådeling av 2 bustadtomter
- DS 118/13 Aksel Lervik 48/82 - Løyve til tiltak fylling, båtsoppstillingsplass.
- DS 119/13 Frode Njål Hide - 35/158 - Overbygg terrasse
- DS 120/13 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 29/329 - Løyve til deponering av masser
- DS 121/13 Huldal barnehage SA 34/508,365 - Løyve til tiltak - tilbygg barnehage.

- DS 122/13 Peter Lind 8/25,44 - Løyve til tiltak - tilbygg, altan og nye vindu og dører.
- DS 123/13 Gnr 12 Bnr 189 m.fl Frådeling av bustadtomter i regulert bustadfelt.
- DS 124/13 Erik Andre Bakke 29/140 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett.
- DS 125/13 Rune Moltu 54/71 - Igangsettingsløyve grunnarbeid for 3 naust i rekke.
- DS 126/13 Alf Kato Gjelseth 4/300 - Ferdigattest - bustadhus
- DS 127/13 Karstein Sund 4/268, 297 - Dispensasjon og løyve til utfylling av molo på Kvalsund
- DS 128/13 Kurt Remøy 12/160- Løyve til tiltak tilbygg - oppføring av tilbygg til bustadhus
- DS 129/13 Gnr 26 Bnr 169 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 26 bnr 73
- DS 130/13 Gnr 60 Bnr 252 - Frådeling av nausttomt
- DS 131/13 Gnr 79 Bnr 31 -Frådeling av tilleggsareal til gnr 79 bnr 134
- DS 132/13 Maria Lewell og Arild Helsem Kvalsund 4/328 - Løyve til oppføring av bustadhus m/garasje
- DS 133/13 Per Worren 28/5 - Rammeløyve for 2 mannsbustad med garasje
- DS 134/13 Bente Larsen Nerland/Magnus Nerland 16/131 - Igangsettingsløyve for bustadhus med garasje
- DS 135/13 Fosnavåg Vekst AS 34/5 - Hotell og konsertsal i Fosnavåg - Endra løyve for igangsetting av grunn, kai og fundamentering
- DS 136/13 Sunnmørsbadet Fosnavåg 29/329 - Igangsettingsløyve for grunnarbeid og fundamentering
- DS 137/13 Sentrumsteigen 34/99,374 - Rammeløyve for oppføring av leilegheitsbygg i Fosnavåg sentrum
- DS 138/13 Stine Goksøyr og Øyvind Rekkedal 24/84 - Igangsettingsløyve for resterande deler av bustadhuset
- DS 139/13 Per-Ståle Moltu 60/345 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av tilbygg
- DS 140/13 Ivan Myklebusthaug 29/124 - Endringsmelding - Søknad igangsetjingløyve
- DS 141/13 Odd-Arne Kvalsvik 38/234 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av påbygg / takoppløft.
- DS 142/13 Herøy kommune 36/16 - Igangsetjingsløyve - Grunnarbeid, landskapsutforming.
- DS 143/13 Tømrrer Service AS 45/90 - Endringsmelding - endra plassering av bustadhus på tomta.
- DS 144/13 Igangsettingsløyve for riving av eksisterande bygningsdelar
- DS 145/13 Ole Arne Brubakk 8/19 - Tiltak u/ansvarsrett - oppføring av driftsbygning.

- DS 146/13 Fosnavåg Vekst AS 34/5 - Hotell og konsertsal i Fosnavåg - Igangsettingsløyve for plasstøypet betong og betongelementer
- DS 147/13 Karl og Aina Åsberg 35/6 - Løyve til tiltak, oppføring av tilbygg / påbygg, ombygging av bustadhus.
- DS 148/13 Ann Margreth Solheim og Arthur Almestad 33/105 - Igangsetjingsløyve for tiltak - oppføring av bustadhus
- DS 149/13 Kirsten Reite 12/115 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - takoverbygg og vegg over del av terrasse
- DS 150/13 Sirlihaugen Barnehage 29/269 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av gapahuk.
- DS 151/13 Aurvoll og Furesund AS 35/9 - Løyve til tiltak - utfylling av mindre sjøareal
- DS 152/13 Per Worren 28/5 - Igangsettingsløyve for oppføring av tomannsbustad med garasje
- DS 153/13 Leif-Arne Sandvik 60/202 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av garasje.
- DS 154/13 Nils Ottar Reite 28/34 - Løyve til tiltak -oppføring av hagestue med tilhøyrande terrasse
- DS 155/13 Skarsbygg AS 60/280 - Løyve til tiltak - oppføring av garasje.
- DS 156/13 Herøy Vasslag SA - 38/280 - Riving av garasjebygg
- DS 157/13 Tussa Nett AS 36/16 - Tiltak ny nettstasjon 1517 Vikeklubben
- DS 158/13 Steinar Solbakken 83/8 Tiltak levegg/takoverbygg terrasse
- DS 159/13 Anne-Marte Berge 31/161 - Løyve til tiltak - oppføring av terrasse og bod.
- DS 160/13 Karl Bjarte Vike 26/145 - Mellombels bruksløyve for bustadhus
- DS 161/13 Gnr 37 Bnr 12 og 17 - Frådeling av bustadtomter
- DS 162/13 Gnr 31 Bnr 7 og 9 - Frådeling av 3 bustadtomter
- DS 163/13 Einedalen skule - 24/74 - Løyve til grunnarbeid og betongarbeid for nytt tilbygg
- DS 164/13 Jarleif Igesund 31/7 - Løyve til opparbeiding av bustadtomt
- DS 165/13 Bygg & System Eigedom AS 23/29 - Løyve til endring av fasade
- DS 166/13 Gerd-Karin Holen 12/139 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av veranda og vinterhage.
- DS 167/13 Åslaug Hildre 45/156 - Løyve til tiltak, oppføring av bustadhus.
- DS 168/13 Vegard Sævik/Johanne Leine Sævik 26/207 - Igangsettingsløyve for deler av grunnarbeid - fjerning av jordmasser på tomte

- DS 169/13 Igangsettingsløyve for riving av bygning på gnr 29 bnr 71
- DS 170/13 Prosteel as - 38/9 - utfylling i sjø
- DS 171/13 Siv Midtlien og Are Pilskog 82/5 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av tilbygg og garasje.
- DS 172/13 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 29/329 - Igangsettingsløyve for deler av betongarbeidet
- DS 173/13 Thomas Arnesen 35/19 - Løyve til tiltak - oppføring av terrasse og utskifting av vindu.
- DS 174/13 Karstein Sund 4/268, 297 - Dispensasjon og løyve til utfylling av molo på Kvalsund
- DS 175/13 Vegard Sævik/Johanne Leine Sævik 26/207 - Rammeløøve for nytt bustadhus
- DS 176/13 Kvalsund og Teige byggefelt as - 4/288 - Løyve til opparbeiding av teknisk anlegg og infrastruktur
- Referatsaker
- RS 10/13 Varsel om oppstart av planarbeid
- RS 11/13 Varsel om oppstart planarbeid.
- RS 12/13 VS: Klage på mangelfull utgreiing frå Anlegg- driftsavdelinga for prioritering av asfaltering av grusveggar 2013
- RS 13/13 Kjellmar Tarberg 62/6,40 - Vedk. søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av fritidstomt og oppføring av fritidshus for utleige.
- RS 14/13 VS: Årsmelding og Brann og uhellstatistikk Møre og Romsdal 110-sentral KF
- RS 15/13 Varsel om oppstart av planarbeid
- RS 16/13 Varsel om oppstart planarbeid.

PS 53/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 54/13 Protokoll frå førre møte.

PS 55/13 Delegasjonssaker

PS 56/13 Referatsaker



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Brannvernet

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	TL	Arkivsaknr:	2013/558
		Arkiv:	M80

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
57/13	Maritim og teknisk komite	25.06.2013

### ÅRSPLAN FOR HERØY BRANNVERN 2013.

#### Tilråding:

Årsplanen for Herøy brannvern 2013 vert teken til vitande.

Særutskrift:  
Brannvernet, her

**Vedlegg:**

Plan for brannvernet 2013.

**Bakgrunn:**

Plan for brannvernet dei enkelte år har dei siste åra vore lagt fram for politisk handsaming tidleg i året. I år er dessverre denne saka forsinka pga. av at det var vakanse i stillinga som avdelingsleiar beredskap frå sommaren 2012 til 1. februar 2013.

**Saksopplysningar:**

Planen er eit viktig styringsdokument for brannvernet då den fastset målsetjingar først og fremst for det året den gjeld, men den legg også føringar for vidare oppbygging og forbetring av brannvernet i dei komande åra.

Som det framgår av vedlagt plan er det gjort greie for statusen for brannvernet, planar for 2013 og andre forhold. Det er prøvd å gjere planen så lettfatteleg som mogleg og ein prøver å gjere forbetringar i oppsett/layout år for år. 2013 vert eit svært utfordrande år for brannvernet då det m.a. skal

- gjennomførast konkurranse og innkjøp av ny tankbil til Myrvåg stasjon med levering inneverande år, samt levering av ny brannbil/mannskapsbil til Fosnavåg stasjon med levering i 2014.
- fullføring av lovpålagt kursing av 6 utrykkingsleiarar samt grunnkurs for 3 brannmannskap

Største utfordringa for brannvernet i år og åra frametter vil vere å få på lovpålagde tilsyn med særskilde brannobjekt inn i faste former. Dette har ein arbeidd med i mange år utan å kome i mål. Pr. i dag er ein utan tilsynspersonell.

**Vurdering og konklusjon:**

Årsplanen for Herøy brannvern seier kva ein skal arbeide med i komande år og litt om kva behov ein har for rekruttering og utdanning i komande periode. Ved utskifting av tankbil i Myrvåg og ny hovudbil ved Fosnavåg stasjon får brannvernet ei lenge etterlengta oppgradering. Når kursinga som er nemnt ovanfor også er gjennomført vurderer ein brannvernet å vere eit av dei beste i regionen både utstyrmessig og kompetansemessig.

Ein vil frametter sommaren og hausten arbeide med å få på plass tilsynspersonell vedk. særskilde brannobjekt. Ein har tidlegare også prøvd å leige inn tilsynspersonell. Erfaringane med dette var imidlertid dårleg då ein ikkje fikk den kontinuitet som er heilt avgjerande for dette arbeidet. Brannvernet er såleis av den bestemte meining at tilsynet må vere i eigenregi.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Eit godt og kompetent brannvern er svært viktig for folkehelsa i mange samanhengar både i kritiske situasjonar og førebyggjande både for næringslivet og innbyggjarane totalt sett.

**Konsekvensar for beredskap:**

Eit godt utdanna brannvern har mykje å seie for beredskapen i kommunen. Ein kan raskt vere på staden ved brann og ulykker. Herøy brannvern har også kjøpt hjartestartar og skal ha kurs i bruken av den 07.05.13. Etter denne opplæringa kan



brannvernet også rykke ut på hjartestans og vere på ulykkestaden innan kort tid om ambulansen i Herøy skulle vere på anna oppdrag.

Konsekvensar for drift:

Herøy brannvern har beredskap i dag og planen for brannvernet i 2013 har ikkje konsekvensar for drifta utover det vi alt har i dag.

Fosnavåg, 28. mai 2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jon Rune Våge  
Brannsjef

Sakshandsamar: Tore Langvatn



# HERØY KOMMUNE

## PLAN FOR BRANNVERNET 2013



# **INNHALD**

## **1 Status for brannvernet**

### **1.1 Mannskap**

### **1.2 Utdanningsstatus**

### **1.3 Vaktordning**

### **1.4 Ressursar**

### **1.5 Tilsyn med brannvernet**

## **2 Planar for 2013**

### **2.1 Plan for tilsyn med særskilde brannobjekt**

### **2.2 Plan for feiing**

### **2.3 Øvingsplan**

### **2.4 Plan for utdanning**

## **3 Andre forhold**

### **3.1 Rekruttering**

### **3.2 Lokale forskrifter**

# 1 STATUS FOR BRANNVERNET

## 1.1 Mannskap

Herøy kommune har i dag 30 personar tilsett i brannvernet fordelt på 19 ved hovudbrannstasjonen i Fosnavåg og 11 ved brannstasjonen i Myrvåg. Avdelingsleiar beredskap har heil stilling i brannvernet medan alt anna personell er tilsett i ulike deltidsstillingar varierende frå 40 % for einskilde befal til 2,05% og 1,65% for mannskapa i henholdsvis Fosnavåg og Myrvåg brannstasjon.

Mannskapa fordeler seg på følgjande funksjonar:

- 5 befal (ei befalsstilling er f.t. vakant)
- 10 sjåførar
- 5 røykdykkarleiarar
- 11 røykdykkarar/konstablar

## 1.2 Utdanningsstatus

Når det gjeld personellutdanninga kan ein oppsummere følgjande:

- Alle tilsette (unnateke 2 nytilsette) har gjennomført brannskulen sitt brevkurs eller det no nettbaserte kurset.
- 21 har gjennomført praktisk del av brannopplæringa etter gamal ordning.
- 6 har gjennomført deltidsopplæring (grunnkurs) etter ny ordning og 3 til er ferdige med grunnkurs i april 2013.
- 16 har gjennomført 3-dagars røykdykkarkurs eller gjennomført røykdykkarutdanning som del av grunnkurs.
- Alle sjåførar har kl C-sertifikat eller har godkjenning for bruk av utrykkingskøyrety etter gamal ordning.
- 6 har gjennomført røykdykkarkurs ved brannskulen og 4 av desse har også røykdykkarleiararkurs. 3 røykdykkarar har i tillegg kjemikaliedykkarkurs.
- 4 befal har gjennomført befalskurs 3, eit befal er under utdanning og går befalskurs 3 no..
- Alle fungerande 4 befal har gjennomført førebyggjande kurs og 1 befal har i tillegg instruktørkurs.
- 2 nytilsett tankbilsjåførar gjennomførte utrykkingskurs (blålys sertifikat) 160 stempel i sertifikatet. Krav om dette for utrykkingskøyring.
- 6 utrykkingsleiarar går beredskaps kurs 1 (utrykkingsleiarkurs) no og er ferdig utdanna i april 2013.

## 1.3 Vaktordning

Befal og mannskap ved hovudbrannstasjonen i Fosnavåg går 5-delte vakter med følgjande vaktlag:

- Befal
- Sjåfør
- Utrykkings-/røykdykkarleiar
- Røykdykkar

Ved brannstasjonen i Myrvåg går sjåførane i 5-delte vakter. Resterande mannskap i Myrvåg deltek ikkje i vaktordninga, men ber personsøkar og rykker ut ved alarmering.

#### **1.4 Ressursar**

Hovudbrannstasjonen i Fosnavåg har fullt utrusta brannbil med 2000 liters vasstank og hydraulisk frigjeringsutstyr til bruk ved trafikkulykker. Brannbilen gjennomgjekk ei oppgradering i 2009. Vaktavande befal disponerar utrykkingsbil, ny i 2012. Brannstasjonen i Myrvåg har tankbil med 12.000 liters tank og utstyr til ein viss førsteinnsats. På investeringsbudsjettet/økonomiplanen er det sett av midlar til kjøp av ny tankbil i 2013 og ny brannbil i 2014.

#### **1.5 Tilsyn med brannvernet**

Direktoratet for Samfunnssikkerheit og Beredskap (DSB) gjennomførte tilsyn med brannvernet i Herøy i 2008. Av dei avvik som der var påpeika, er no det aller meste retta opp og kome på plass.

Av merknader som vart framsett i same tilsynet, så er ajourføringa av brannordninga enno ikkje gjennomført, men brannordninga er under revisjon. Planen er å vere ferdig med revisjonen til påske i 2013. Med utgangspunkt i vedteken og gjeldande brannordning manglar det framleis 1 røykdykkar pr. vaktlag for Fosnavåg stasjon.

DSB gjennomførte dokumenttilsyn med Herøy brannvern i 2010/2011.

## **2 PLANAR FOR 2013**

### **2.1 Plan for tilsyn med særskilde brannobjekt**

Det er utført (årleg) gjennomgang av lista over særskilde brannobjekt (§ 13-bygg), som etter dette inneheld i alt 66 objekt. Det vart gjennomført tilsyn i 21 (i all hovudsak skular og barnehagar) av desse objekta i 2012. Alle barnehagane vert etter 2012 tilsynet overført til eigenmelding.

2012 vart også eit utfordrande år for brannvernet med tanke på ressursmangel. Avdelingsleiar beredskap var mykje sjukmeldt og slutta i 2012. Fleire av arbeidsoppgåvene som naturleg ligg til den stillinga måtte utførast av andre og mykje måtte då gjennomførast av den som hadde full stilling i brannvernet, tilsynsstillinga for særskilde brannobjekt.

2013 vert eit nytt utfordrande år med tanke på gjennomføring av branntilsyn. Stillinga for gjennomføring av branntilsyn står vakant (frå februar 2013) og vert ikkje utlyst før ein har fått rullert brannordninga og sett på mannskapsbehova etter ny brannordning. Arbeidet med rulling av gjeldande brannordning er planlagt ferdig i april 2013. Det som er heilt klart allereie no er at Herøy brannvern ikkje maktar å gjennomføre tilsyn på alle §13 objekt i 2013. Før brannvernet lyser ut (vakant st.) etter tilsynspersonell og får tilsett ny person er det vanskelig å få gjennomført noko branntilsyn.

## 2.2 Plan for feiing

Feiinga i kommunen er basert på vedtak i K-sak 126/06 der det er vedteke at huseigarar skal ha feiing kvart 2. år og tilsyn kvart 4. år. Med tanke på gjennomføringa av feie- og tilsynsopplegget er kommunen inndelt i nærare avgrensa område/soner etter følgjande opplegg:

- Feiesone 1: Gurskøy, Notøy og Leinøy
- Feiesone 2: Bergsøy, Nerlandsøy, Remøy og Runde
- Tilsynssone 1: Gurskøy
- Tilsynssone 2: Notøy, Leinøy, Remøy og Runde
- Tilsynssone 3: Bergsøy utanom Fosnavåg sentrum
- Tilsynssone 4: Fosnavåg sentrum og Nerlandsøy

Sjølve feiinga/tilsynet vert utført av innleidd feiar frå Ulstein kommune og planen for 2013 omfattar følgjande:

- Feiing i sone 2
- Tilsyn i sone 4

## 2.3 Øvingsplan

I 2012 vart det gjennomført 6 brannøvingar. Avdelingsleiar beredskap slutta i september 2012 og ny avd. leiar beredskap vart ikkje tilsett før 01.02.13. For 2013 er det lagt opp til å gjennomføre minimum 10 brannøvingar. Følgjande tema vil verte gjennomgått/øvt på i løpet av året når det gjeld dei ovannemnde øvingane:

- **Lege/helsesjekk**
- **Fysisk test røykdykkarar**
- **Varmdykk/kjemikaliedykk (røykdykkarar/kjemikaliedykkarar)**
- **Fyrstehjelp**
- Kommunikasjon
- Oljevern
- Røykvern, evakuering, redning
- Alarm, utrykking, innsats
- Brannkummar, vasstilkopling
- Sløkkjeutstyr, pulver, skum
- Restverdiredning
- Frigjeringsutstyr
- Farleg gods
- Øving for utrykkingssjåførar
- Politietterforsking brannårsaker
- Skarpe oppdrag/farlige situasjonar
- Tungbilredning
- Befalsøving (kjentmannsøving § 13-bygg, kompliserte/utfordrande objekt)
- 

Dei 4 første øvingsmomenta skal gjennomførast årleg. Dei andre øvingsmomenta vert rullert.

Ut over det faste øvingsopplegget vil også følgjande meir spesielle opplegg verte gjennomført i 2013:

- Interkommunal oljevernøving i Ålesund 12. og 13. mars, avd. leiar beredskap.
- Førebyggjande seilas (i samarbeid med redningsselskapet, ambulanse og politi).
- Deltaking på den årlege brannveka med open brannstasjon.
- Brannøving på skular (6. klasse opplæring) og institusjonar.
- Besøk av barnehagar på brannstasjonen.

## **2.4 Plan for utdanning**

Det er utarbeidd eigen opplærings-/utdanningsplan som inneheld dagens utdanningsstatus og behovet for/ynskje om vidare utdanning.

Når det gjeld vidare utdanningsbehov er det opplista følgjande:

- 2 stk røykdykkarleiarar manglar røykdykkarlearkurs.
- Utrykkingssjåfør kurs i samband med tilsetting av nye sjåførar.
- Kl. C sertifikat for sjåførar
- 2 stk. grunnkurs
- Kursing i bruk av hjartestartar.
- 1 førebyggjande kurs på førebyggjande avd.
- Evt. kurs i overflateredning

## **3 ANDRE FORHOLD**

### **3.1 Rekruttering**

15 personar er i dag tilknytt Fosnavåg stasjon dersom befalet vert halde utanom. Det vil kunne verte behov for nye brannbilsjåførar innan tidleg 2014.

Ved Myrvåg stasjon er det 5 sjåførar og 6 mannskap/røykdykkarar.

### **3.2 Lokale forskrifter**

Innan brannvernet saknar ein tidvis litt klarare retningsliner i høve til mellom anna handtering av bålrensing og nedgravne oljetankar.

Tore Langvatn  
Avd. leiar beredskap



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	AF	Arkivsaknr:	2012/1575
		Arkiv:	L32

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
58/13	Maritim og teknisk komite	25.06.2013

**ENDRING AV SKRIVEMÅTE - VEGNAMNA: EDVIN JACOBSEN VEG, GERHARD VOLDNES VEG, HJELMESETHVEGEN, NEDRE HJELMESETH, KVIHAUG, LEGANE, SMÅLEGANE**

### **Tilråding:**

Maritim og teknisk komite vedtek skrivemåten på vegnamna: Edvin Jacobsenss veg, Gerhard Voldnes'' veg, Jordmor Helgas veg, Hjelmesetvegen, Nedre Hjelmeset, Kviehaugen, Legene, Smålegene.

Særutskrift:  
Utviklingsavdelinga  
Anlegg og Driftsavdelinga



## Vedlegg:

1. Brevet frå Herøy Mållag v/ Oddbjørg Remøy, datert 1.11.2010, registert 21.6.2012.
2. Brevet frå Språkrådet, Stadnamntenesta på Vestlandet, datert 27.4.2012.
3. Brevet frå Kartverket, datert 23.11.2012.

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Vegnamna Edvin Jacobsen veg, Gerhard Voldnes veg, Jordmor Helgas veg, Hjelmesethvegen, Nedre Hjelmeseth, Kviehaug, Legane, Smålegane vart godkjent av kommunestyret i møte den 15.2.2007. Denne vegnamnsaka er frå tida før kommunen hadde ei eiga adresseforskrift. Prosessen vart gjennomført gjennom politisk komitearbeid.

I 2007 vart vegnamna behandla utan høyringsrunde og saka vart ikkje sendt til Språkrådet for uttale.

### Merknad frå Herøy Mållag

Med brev av 01.11.2010 (registert 21.6.2013) har Herøy Mållag klaga på dei ovanfor nemnde vegnamna. I brevet er det peikt på feil skrivemåte av namna. Mållaget meiner at vegnamna ikkje er samsvar med nynorsk skrivemåte og talemålet i Herøy, jf. tabell nedanfor

<i>Vedteke vegnamn:</i>	<i>Bør rettast til:</i>
Edvin Jacobsen veg	Edvin Jacobsen-vegen
Gerhard Voldnes veg	Gerhard Voldnes-vegen
Jordmor Helgas veg	Jordmor Helga-vegen
Hjelmesethvegen	Hjelmesetvegen
Kviehaug	Kvihaugen
Legane	Legene
Nedre Hjelmeseth	Nedre Hjelmeset
Smålegane	Smålegene

## Vurdering

Vedtak om skrivemåten av adressenamn kan påklagast. Kven som kan klage på skrivemåten, går fram av *stadnamnlova § 10 og 5*.

*Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av:*

- a) *offentleg organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd,*
- b) *eigar eller festar når bruksnamnet kjem inn under § 8 andre ledd,*
- c) *lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn,*
- d) *stadnamnkonsulentane når det gjeld stadnamn i deira område.*

Herøy Mållag er ein lokal organisasjon som har rett til å klage på skrivemåten av vegnamna.

Innsendte forslag til endra skrivemåte frå Mållaget, vart sendt til Stadnamntenesta på Vestlandet for uttale 29.6.2012.

Med brev av 27.9.2012, støttar Stadnamntenesta på Vestlandet endringsforslaga frå Herøy Mållag. Dei tilrår to namneformer for vegnamna: Edvin Jacobsen veg, Gerhard Voldnes veg, Jordmor Helgas veg:

Edvin Jacobsen-vegen (Herøy Mållag sitt forslag) eller Edvin Jacobsens\_ veg, Gerhard Voldnes-vegen (Herøy Mållag sitt forslag) eller Gerhard Voldnes'\_ veg, Jordmor Helga-vegen (Herøy Mållag sitt forslag) eller Jordmor Helgas veg.

Adresseemynda vurderer å bruke forma med *veg* for å unngå store endringar i adressesystemet og den forma som allereie er brukt.

Hjelmeset er godkjent skrivemåten på gardsnamnet. Vegnamna bør difor skrivast Hjelmesettvegen og Nedre Hjelmesett.

Stadnamntenesta foreslår å bruke skrivemåten på vegnamna Kviehaugen, Legene og Smålegene.

Adresseemynde har fått brev frå Kartverket, datert 23.11.2012, med vedtak om endring av skrivemåten på stadnamnet Legane. Dei vedtok skrivemåte Legene.

#### Konsekvensar for drift:

Endring av vegnamna medfører auka kostnadar skilting av kommunale vegar. Pr. dato er det ikkje satt av midlar i budsjettet til dette arbeidet.

#### **Konklusjon**

MTK godkjenner i medhald av Stadnamnlova § 5. skrivemåte på vegnamna: Edvin Jacobsens veg, Gerhard Voldnes'' veg, Jordmor Helgas veg, Hjelmesettvegen, Nedre Hjelmesett, Kviehaugen, Legene, Smålegene.

Fosnavåg, 10.06.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Agita Freimane



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	AF	Arkivsaknr:	2012/315
		Arkiv:	L32

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
59/13	Maritim og teknisk komite	25.06.2013

### KLAGE PÅ NAMNESAK MTK-SAK 106/12: VEGNAMNET TORSETHAUGEN

#### Tilråding:

Maritim og teknisk komite endrar vegnamnet frå Torsethaugen til Torsethøgdsvegen.

Særutskrift:  
Utviklingsavdelinga  
Anlegg og Driftsavdelinga

**Vedlegg:**

1. Klage frå Knut Torsethaugen datert 9.1.2013.
2. Brev frå Språkrådet Stadnamnteneste på Vestlandet 25.4.2013.
2. Kart over adresseparsellen

**Saksopplysningar:**Bakgrunn

Maritim og teknisk komitè godkjende i møte den 11.12.2012 (MTK-sak 106/12) vegnamnet Torsethaugen på parsell D. Vedtaket vart kunngjort i "Vestlandsnytt" den 8.1.2013 og på kommunens heimeside.

Parsell D vart tildelt som eigen parsell etter høyringsrunde med merknad frå Njål Thorset. På grunn av at parsellen vart tildelt etter høyringsrunden, vart vegnamnet Torsethaugen ikkje sendt for uttale til Stadnamntenesta for Vestlandet før vedtak.

Klage

Med brev av 9.1.2013 klagar Knut Torsethaugen på vegnamnet Torsethaugen. Han meiner at namnet Torsethaugen er eit beskytta familienamn. Torset skriv seg i dette høvet frå Torset i Hemsedal og er nytta som familienamn i ca 100 år med utgangspunkt på Torpo i Hallingdal.

**Vurdering**

Etternamn som er verna etter namneloven § 3, er verna gjennom stadnamnloven § 3 bokstav a: *"Eit stadnamn kan som hovudregel ikkje takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime, når det er i bruk som etternamn og er verna."*

Innkomne klage vart sendt til Stadnamntenesta for Vestlandet for uttale. Dei foreslår å bruke namnet Torsethøgdevegen. I SSR (Sentralt stadnamnregister) er Torsethøgda registrert som namn på ein av eigedommane i området. Stadnamntenesta meiner namnet Torsethøgda ikkje kan seiast å vere dekkjande for heile det området adresseparsellen ligg på. Stadnamntenesta ber kommunen vurdere å bruke Torsethøgdevegen som namn på adresseparsellen. Stadnamntenesta informerer om at dersom ein velgjer Torsethøgdevegen, fell grunnlagt for klage bort.

**Konklusjon:**

Med bakgrunn i uttalen frå Stadnamnteneste på Vestlandet rår ein til at vegnamnet vert endra frå Torsethaugen til Torsethøgdevegen.

Konsekvensar for drift:

Endring av vegnamnet påfører ikkje kommunen kostnader fordi det ikkje er bestilt vegnamnskilt ennå.

Fosnavåg, 10.06.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Agita Freimane



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/333
		Arkiv:	36/2

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
60/13	Maritim og teknisk komite	25.06.2013

### **GNR 36 BNR 2 - FRÅDELING AV 2 BUSTADTOMTER**

#### **Tilråding:**

Maritim og teknisk komite vedtek at det ikkje vert gjeve frådelingsløyve, jfr PBL §20-1 bokstav m, med sikte på frådeling av 2 bustadtomter frå gnr 36 bnr 2 som omsøkt.

Avslaget vert grunngjeve med at frådelingane vil ha negative konsekvenser for det verneverdige tunet og kulturlandskapet på eigedomen.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Kjartan Paulsen, Vikevegen 64 6092 Fosnavåg  
Møre og Romsdal Fylke  
Fylkesmannen i M/R  
Søre Sunnmøre Landbrukskontor

## **Vedlegg:**

Søknad med vedlegg datert 05.03.2013  
Merknad frå MR Fylke datert 02.05.2013  
Merknad frå Fylkesmannen datert 25.03.2013  
Merknad frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor datert 24.04.2013  
Notat frå Anlegg og Driftsavdelinga datert 02.04.2013  
Oversiktskart  
Sjekkliste ROS

## **Saksopplysningar:**

Kjartan Paulsen søker om deling av grunneigedom på gnr. 36 bnr. 2 i Herøy kommune. Det vert søkt om er frådeling av to bustadtomter frå gnr. 36 bnr.2 som skal overførast til borna hans.

Området ligg i Vikane på Bergsøya og er i gjeldande kommunedelplan for Bergsøy utlagt som LNF-Kan-område nr. 10, Vike, der det vert tillate spreidd utbygging inntil 5 einingar. Det er lagt inn plankrav på dette LNF-kan området. Vurderingar knytt til om tiltaket tilsidesett det formålet plankravet er meint å ivareta vil vere ei vurdering basert på kva som kjem inn av uttaler til saka. Dei to bustadtomtene vil liggje innanfor kan-område i gjeldande kommunedelplan nord for kommunevegen og vil ikkje utløyse større utbyggingsområde i Vikane.

Området er avgrensa i nord mot ei hytte og eitt bustadhus, private vegar i aust og vest og kommuneveg i sør, sjå vedlegg som ligg ved saksoversendinga. Bustadane i Vikane ligg i dag på nordsida av kommunevegen og tiltaket(a) og etter søkjar si vurdering vil tomtene gli inn i natur- og kulturlandskapet på ein positiv måte ved at bustadane vert etablert opp mot fjellfoten og tek såleis omsyn til strandsonevernet og fri ferdsel.

**Vassforsyning:** I området er det privat vassforsyning frå Herøy vasslag og søkjar har løyve til å kople på 3 eigedomar. Søkjar har henta inn uttale frå Herøy vasslag at det ikkje vil vere problematisk å kople på fleire eigedomar til vassleidninga.

**Avlaup:** Grunneigar /søkjar av gnr. 36 bnr. 2 har i dag privat avlaupsanlegg frå gnr. 36 bnr. 56 med slamavskiljar og avlaupsleidning frå huset og under kommunevegen. Frå kommunevegen og sør til utsleppsområdet går utsleppet i «holveite». Søkjar legg til grunn at ein reknar med at dei to nye bustadtomtene vil få krav om å utbetre avlaupsanlegget og legge leidning heilt til utsleppspunktet. Som avlaupsløysing til dei to bustadtomtene tenkjer ein altså privat slamavskiljar og avlaupsleidning til dagens utsleppspunkt.

**Tilkomst:** Tilkomst til bustadtomt nr. 1 er tenkt frå privat avkøyrsløse. Løyve til å bruke privat veg som tilkomst til tomt nr. 1 er gitt frå grunneigar ved erklæring.

## **Vurdering:**

Saka har vore sendt på høyring til regionale instansar og landbrukskontoret. Det er kome inn følgjande merknadar til saka:

## **MR Fylke-**

Med omsyn til automatisk freda kulturminner har fylket ingen merknadar, men minner om meldeplikt dersom det kjem fram funn eller strukturar som kan vere eldre enn 1537.

Når det gjeld kulturminner frå nyare tid er fylket klar på at planlagde tomter ligg inn til eit område med særst verneverdige kulturminner frå nyare tid. Tunet med godt bevart sunnmørsstove og fleire funksjonsdelte bygg og dette er tun typer som det no er få att av. Dei konkluderer med at planane slik dei ligg føre vil verke negativt på det verneverdige tunet og kulturlandskapet og signaliserer at dei vil påklage eit evt. positivt vedtak i saka.

## **Søre Sunnmøre landbrukskontor-**

Landbrukskontoret peikar på i sin merknad det unike kulturlandskapet i Vikane og at dette talar mot ei omdisponering av dyrka marka. Dei er vidare av den oppfatning at argumentasjon med omsyn til samfunnsinteresser ikkje er relevant då Bergsøya er den delen kommunen med tettast busetjing. Jordressursane som bruket har og avkastning dette kan gi er derimot marginalt og det talar for ei frådelling. Konklusjon frå landbrukskontoret er at omsyn til kulturlandskapet må tillegkast størst vekt og ein rår derfor frå at det vert frådelt som omsøkt.

## **Fylkesmannen-**

Fylkesmannen peikar på kulturlandskapet og den verdien det har for dei som allereie bur i Vikane. For å redusere inngrepet i kulturlandskapet oppmodar dei om at tomtene vert trekt noko lenger nord slik at kulturlandskapet ikkje vert delt på ein uheldig måte. Dei ber vidare om at det vert utført ei ROS analyse som ein del av saksførebuinga.

Anlegg og driftsavdelinga-

Ingen merknadar.

## **Konklusjon:**

Fleire av høringsinstansane rår ifrå eller varslar klage på eit positivt vedtak i saka.

Vikane på Bergsøya er i gjeldande kommunedelplan for Bergsøya lagt ut som LNF-Kan-område (nr. 10) Vike, der det vert tillate spreidd utbygging inntil 5 einingar. Det er lagt inn plankrav på dette LNF-kan området. Ein vurderer det til at tiltaket sitt omfang og plassering ikkje medfører at eit plankrav bør oppretthaldast i denne saka. Dei to bustadtomtene vil liggje innanfor kan-område i gjeldande kommunedelplan.

Sjekkliste ROS analyse er gjennomført og ligg ved saka. Det er ikkje registrert særlig risiko eller sårbarhet i området.

Vurderingane om det skal etablerast bustadar som omsøkt er om tiltaka kan innordnast eller tilpassast kulturlandskapet i Vikane. Basert på merknadane til saka er konklusjonen at det ikkje er tilrådeleg å legge til rette for bustadar slik det er søkt om då med omsyn til tunet på garden.

Maritim og teknisk komite bør vurdere om det er grunnlag for ei synfaring før ein gjer vedtak i saka.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvensar

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvensar

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvensar

Fosnavåg, 16.05.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



# Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning



Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h - jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:  
**Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG**

Plass for kommunen sitt stempel

**HERØY KOMMUNE  
RÅDMANNEN**

Reg.nr. **2013/333** Saksbeh. **JMM**

**- 6 MARS 2013**

Ark kode P **36/2**  
Ark kode S  
J.nr. Dok.nr. **1**  
Kassasjon

## 1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§93).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. §96 pbl.
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikkellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

## 2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
<b>36</b>	<b>2</b>			<b>KJARTAN PAULSEN</b>
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

## 3a. Søknaden gjeld:

## 3b. Rekvisisjonen gjeld:

Sakstype I og II (PBL§93)	<input checked="" type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av: <input checked="" type="checkbox"/> Ny grunneigedom <input type="checkbox"/> Anleggseigedom <input type="checkbox"/> Anna:(spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema: <i>Erklæring om arealoverføring.</i> ) <input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt <input type="checkbox"/> Oppretting av punkt feste <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)	Sakstype III (Matrikkellova)	<input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikkelforskr. § 34) <input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr. § 36) <input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr §31) <input type="checkbox"/> Registering av uregistrert jordsameige (matrikkelforskr. § 32) <input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr. § 35)
	Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.		

## 4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.	
1	<b>800</b>	<b>bustad</b>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
2	<b>900</b>	<b>bustad</b>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

## 5. Arealdisponering

Kommuneplan  Kommunedelplan  Reguleringsplan(område/detalj)  Bebyggelsesplan

Namn på plan: **Kommunedelplan for Bergsøy**

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

## 6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf.pbl § 68.

Ja  Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)

## 7. Avstandar

Går det høgspenst kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: ..... m  
Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: 5-10 m

Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leiðningseigar om dette

## 8. Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg  Fylkesveg  Kommunal veg  Privat veg

Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrsløse frå offentleg veg (avkøyrsløse og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggjast ved.

Er løyve til avkøyrsløse gitt?  Ja  Nei

## 9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 65 og 66

Offentleg vassverk:  Ja  Nei  
Offentleg avløpsanlegg:  Ja  Nei  
Privat vassverk:  Ja  Nei  
Privat avløpsanlegg:  Ja  Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggjast ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggjast ved denne søknaden.

## 10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring

\_\_\_ Utvida liste over heimelshavar/rekvirentliste

1 Kart/situasjonsplan

5 Fråsegn, samtykkje, løyve

3 Gjenpart av nabovarsel

5 Private bruksrettar (servituttar)

\_\_\_ Dispensasjonssøknad

X Andre vedlegg: 2, 4, 6 og 7

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

## 11. Andre opplysningar

Utfyllande informasjon om veg, vass, avløp og bruksrettar står i vedlegg 5

Vedlegg:

2: Søknad om tillatelse til tiltak

4: Søknad om utsteppsloøyve

6: Vass og avløpsløyving

7: Kommentar til merknad frå nabo.

## 12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Dato

Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)

Rekvirenten si underskrift

5/3-2013

KJARTAN PAULSEN

Kjartan Paulsen

Adresse

Postnr/stad

VIKKEVEGEN 64

6092 FOSNAVÅG

E-postadresse

Telefon

kjartan\_paulsen@hotmail.com

70089353

## 13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato

Betalar sitt namn med blokkbokstavar

Betalar si underskrift

Postnr/stad



Underskrifter - andre aktuelle parter		
Navn <i>Silje Steinsvik Paulsen</i>	Adresse <i>Vælvegen 16, 6092 FOSNAVÅG</i>	
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)	Partsstilling (Heimelshaver, nabo, kjøper, berørt)	<i>Kjøper</i>
Sted   Dato <i>Fosnavåg   06.03.2013.</i>	Underskrift <i>Silje S. Paulsen</i>	
Navn <i>Øyvind Steinsvik Paulsen</i>	Adresse <i>6091 FOSNAVÅG</i>	
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)	Partsstilling (Heimelshaver, nabo, kjøper, berørt)	<i>Kjøper</i>
Sted   Dato <i>Fosnavåg   06.03.2013</i>	Underskrift <i>Øyvind S. Paulsen</i>	
Navn	Adresse	
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)	Partsstilling (Heimelshaver, nabo, kjøper, berørt)	
Sted   Dato	Underskrift	
Navn	Adresse	
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)	Partsstilling (Heimelshaver, nabo, kjøper, berørt)	
Sted   Dato	Underskrift	
Navn	Adresse	
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)	Partsstilling (Heimelshaver, nabo, kjøper, berørt)	
Sted   Dato	Underskrift	
Navn	Adresse	
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)	Partsstilling (Heimelshaver, nabo, kjøper, berørt)	
Sted   Dato	Underskrift	
Navn	Adresse	
Eigedom (gnr, bnr, f.nr, s.nr)	Partsstilling (Heimelshaver, nabo, kjøper, berørt)	
Sted   Dato	Underskrift	

# Rettleiing til skjema "Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning"


<b>1. Sakstype – rekvisisjon</b>	
I.	Godkjenning etter plan og bygningslova, sjå punkt 3a.
II.	Utsetje opprettelse av ny matrikkeleining etter å ha fått løyve etter plan og bygningslova.
III.	Godkjenning etter matrikelova, sjå punkt 3b.
<b>2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar)</b>	
Fyll inn aktuell(e) avgivareigedomar med fullstendig matrikelnummer (gnr/bnr/fnr/snr) og kven som har heimel til grunn. Dersom ein ikkje får plass under pkt 2 kan ein nytte tabell på side 3 "Underskrifter - andre aktuelle parter."	
<b>3a. Søknaden gjeld / 3b.Rekvisisjonen gjeld:</b>	
Fyll inn aktuell sakstype søknad/rekvisisjonen gjeld. Dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, frå §1-8 i Plan- og bygningslova vedk. forbod mot byggje- og deleforbodet i 100 metersbeltet langs strandsona og frå gjeldande regulerings- og bebyggelsesplanar med tilhøyrande føresegner. Søkjaren må klarlegge kva det vert søkt om dispensasjon frå og dokumentere at det ligg føre særlege grunnar for at dispensasjon bør gjevast, jfr. <a href="#">PBL §19-2</a> . Eige skjema skal nyttast for å søkje om dispensasjon.	
<b>4. Parsellen(ane) skal nyttast til:</b>	
Før opp arealbehov (m <sup>2</sup> ), formål for parsellen, sjølvstendig eining eller tilleggsareal til eksisterande eigedom. Dersom det er snakk om tilleggsareal skal ein føre opp eigedomen som skal motta tilleggsarealet.	
<b>5. Arealdisponering</b>	
Før opp planstatusen for området som er omsøkt, namn på plan, utnyttingsgrad både for ny og restparsell.	
<b>6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.</b>	
Søklar skal vurdere om det ligg føre tilstrekkeleg tryggleik mot rasfare, flaum grunn og miljøtilhøve, jf. <a href="#">Pbl §68</a> .	
<b>7. Avstandar</b>	
Dersom det ligg ledningar i luft eller grunn må dette førast opp her. Legg gjerne ved eitt kart der ein har teikna inn ledningane (alle typer, vatn, avløp, kabel, straum osv.)	
<b>8. Tilkomst - jf. <a href="#">pbl § 66 nr. 1</a> og veglova §§ 40-43</b>	
Det er eit krav at tomter skal ha lovleg tilkomst jfr. <a href="#">PBL §66</a> . Erklæringar/avtalar som sikrar lovleg tilkomst skal følgje med søknaden.	
<b>9. Vassforsyning/avløp - jf. <a href="#">pbl §§ 65 og 66</a></b>	
Ved private enkeltanlegg og private fellesanlegg for avløpsvatn, krev kommunen til vanleg at søknad om utsløppsløyve vert fremma samstundes med søknad om frådelling av byggjetomt (jf <a href="#">forureiningslova</a> og <a href="#">Forskrift om begrensning av forurensning</a> ).	
<b>10. Vedlegg</b>	
Før opp aktuelle vedlegg, nummerert, her.	
<b>11. Andre opplysningar</b>	
Her kan ein føre opp andre aktuelle opplysningar som vil ha betydning for saka.	
<b>12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent</b>	
Som hovudregel skal rekvisisjon eller søknad om oppretting/endring av matrikkeleining underskrivast av vedkomande som har grunnboksheimel til eigedomen, dvs står som eigar i grunnboka hos tinglysinga. Det finst ein del spesielle tilfelle der også andre kan vera rekvirent, jf <a href="#">matrikelova §9</a> .	
<b>13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av</b>	
Som hovudregel vert faktura sendt til rekvirent. Dersom andre skal få tilsendt faktura for utført arbeid skal det førast her.	

Situasjonskart, eks. 1:



Det kommunale eigedomskartet held god kvalitet og kan nyttast som grunnlag. Her er grensene er kartlagde/ koordinatfesta.

Situasjonskart, eks.2:



Legg ved målsatt skisse med påførte lengder og areal der det kommunale eigedomskartet er mangelfullt.

Ovanfor har ein vist ulike eksempel på situasjonskart som skal ligge ved søknaden. Situasjonskartet skal vere av ein slik kvalitet at det ikkje er tvil om kvar dei nye grensene er meint å gå.

Situasjonskart kan takast ut på [www.sunnmorskart.no](http://www.sunnmorskart.no)




Plan og bygninglov, matrikellov, veglov m.fl finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)

På heimesidene til kommunen finn ein fleire aktuelle skjema m.a nabovarsel, gjenpart av nabovarsel.




# Vedlegg 1



HERØY KOMMUNE  
08.02.2013 1:500  
Det kan forekomme feil i kartet

Vike





<p><b>Søknad om tillatelse til tiltak</b> etter plan- og bygningsloven § 20-1</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> <b>Rammetillatelse</b></p> <p><input type="checkbox"/> <b>Ett-trinns søknadsbehandling</b> Oppfylles vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei</p> <p><b>Søknad om ansvarsrett for ansvarlig søker</b> Foreligger sentral godkjenning? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Hvis nei, vedlegg byggblankett 5159.</p>	<p>Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei</p> <p>Hvis ja, skal samtykke innhentes fra Arbeidstilsynet før igangsetting av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.</p> <p>Berører tiltaket byggverk oppført før 1850, jf. Kulturminneloven § 25, andre ledd? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei</p> <p>Hvis ja, skal uttalelse fra fylkeskommunen foreligge før igangsetting av tiltaket.</p> <p>Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.</p>
---	---

Søknaden gjelder	
<p><b>Eiendom/ byggested</b> Gnr. <u>36</u>   Bnr. <u>2</u>   Festenr.   Seksjonsnr.   Bygningsnr.   Bolignr.   Kommune</p> <p>Adresse   Postnr.   Poststed</p>	<p><b>Planlagt bruk/formål</b> <input checked="" type="checkbox"/> Bolig <input type="checkbox"/> Fritidsbolig <input type="checkbox"/> Garasje <input type="checkbox"/> Annet:   Beskriv   Bygn.typekode (jf. s. 2)</p>
<p><b>Tiltakets art</b> pbl § 20-1 (flere kryss mulig)</p> <p><b>Nye bygg og anlegg</b> <input type="checkbox"/> Nytt bygg *) <input type="checkbox"/> Parkeringsplass *) <input type="checkbox"/> Anlegg <input type="checkbox"/> Veg <input type="checkbox"/> Vesentlig terrenginngrep</p> <p><b>Endring av bygg og anlegg</b> <input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg *) <input type="checkbox"/> Fasade <input type="checkbox"/> Konstruksjon <input type="checkbox"/> Reparasjon <input type="checkbox"/> Ombygging <input type="checkbox"/> Anlegg</p> <p><b>Endring av bruk</b> <input type="checkbox"/> Bruksendring <input type="checkbox"/> Vesentlig endring av tidligere drift</p> <p><b>Riving</b> <input type="checkbox"/> Hele bygg *) <input type="checkbox"/> Deler av bygg *) <input type="checkbox"/> Anlegg</p> <p><b>Bygn.tekn. installasj.**</b> <input type="checkbox"/> Nyanlegg *) <input type="checkbox"/> Endring <input type="checkbox"/> Reparasjon</p> <p><b>Endring av bruksenhet i bolig</b> <input type="checkbox"/> Oppdeling <input type="checkbox"/> Sammenføyning</p> <p><b>Innhegning, skilt</b> <input type="checkbox"/> Innhegning mot veg <input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l.</p> <p><b>Oppretting/ending av matrikkelenhet ***</b> <input checked="" type="checkbox"/> Grunneiendom *) <input type="checkbox"/> Anleggseiendom *) <input type="checkbox"/> Festegrunn over 10 år *) <input type="checkbox"/> Arealoverføring *)</p>	<p>*) Byggblankett 5175 fylles ut og vedlegges. (Vedlegg gruppe A)</p> <p>** Gjelder kun når installasjonen ikke er en del av et større tiltak.</p> <p>*** Unntatt fra krav om ansvarsrett. Behandles etter matrikkelloven. Registrert eier underskriver i feltet for tiltakshaver.</p>

Vedlegg	Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant
	Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon (Byggblankett 5175)	A	–	<input checked="" type="checkbox"/>
	Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap. 19)	B	–	<input checked="" type="checkbox"/>
	Nabovarsling (gjenpart/nabomerknader/kommentarer til nabomerknader)	C	<u>3</u> –	<input type="checkbox"/>
	Situasjonsplan, avkjørselsplan bygning/eiendom	D	<u>7</u> –	<input type="checkbox"/>
	Tegninger	E	–	<input checked="" type="checkbox"/>
	Redegjørelser/kart	F	–	<input type="checkbox"/>
	Søknad om ansvarsrett/gjennomføringsplan	G	–	<input checked="" type="checkbox"/>
	Boligspesifikasjon i Matrikkelen	H	–	<input checked="" type="checkbox"/>
	Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet	I	–	<input checked="" type="checkbox"/>
	Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	–	<input checked="" type="checkbox"/>
	Andre vedlegg	Q	<u>5-7</u>	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift	
<p>Ansvarelig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger.</p>	
Kopi av uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga, datert 15.05.2013.

Ortofoto i M 1:1000 som viser den omsøkte tomtelokalisinga.

Utsnitt frå kommuneplanen i M 1:30000.

**Saksopplysningar:****BAKGRUNN:**

Svanhild J. Helde har med utfylt søknadsskjema, datert 11.03.2013, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådelling av ei bustadtomt frå gnr. 40 bnr. 13 på Notøy i Herøy. Det er samstundes innlevert utfylt søknadsskjema for deling av grunneigedom, også datert 11.03.2013. Etter fullført høyringsrunde er no søknaden klar for politisk sluttbehandling.

**SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:**

Tomta som er ønskt frådelt, er på om lag 1,5 da. Det vart søkt om dispensasjon for frådelling av same tomte den 06.03.2005. Saka var då til uttale hos Møre og Romsdal fylke og Anleggs- og driftsavdelinga, men av ulike årsaker vart søknaden den gong ikkje sluttbehandla.

Som grunngeving for no innsendt søknad vert det vist til at området er avsett til bustadformål i eksisterande kommuneplan og at den aktuelle tomte ligg for enden av og fell naturleg inn i ei rekke på 5 bustadtomter. Det vert i søknaden opplyst at tilkomst til tomte skal takast frå kommuneveggen på Notøy. Vatn skal takast frå Stemmedal vasslag sitt leidningsnett medan kloakken er tenkt løyst som privat anlegg. Saka vart sendt aktuelle høyringsinstansar med brev av 19.03.2013. Det ligg føre uttale frå følgjande instansar:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga

**Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 26.04.2013**

Fylkesmannen uttalar innleiingsvis at han ikkje er kjend med særskilde naturfaglege verdiar i området som skulle tale mot ei frådelling. Ut over det viser Fylkesmannen til at det den seinare tid har vore fleire søknader om frådelling i strandsona på Notøy og at ein slik praksis generelt sett er uheldig i høve til god arealutnytting der også ålmenne interesser vert tilstrekkeleg ivaretekne. Med tilvising til at den planlagde tomte er i samsvar med kommuneplanen og inngår som ei naturleg forlenging av eit eksisterande bustadfelt konkluderar imidlertid Fylkesmannen med at eit evt. positivt vedtak ikkje vil verte påklaga.

## **Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 02.05.2013**

I uttalen frå Fylkeskommunen vert det teke utgangspunkt i at miljøet kring Herøy gard er viktig for opplevinga av museet og at bustadbygging må avgrensast med vekt på å ikkje vere synleg frå museumsområdet. Sjølv om Fylkeskommunen ikkje vurderar den her omsøkte tomta til å vere særskildt problematisk vert det, med bakgrunn i fleire andre dispensasjonssaker på øya, vist til at arealbruken burde ha vore klargjort gjennom ein reguleringsplan. Fylkeskommunen konkluderar med å fråå dispensasjon.

## **Uttale frå Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, av 15.05.2013**

Anleggs- og driftsavdelinga har ingen prinsipielle merknader til søknaden. Når det gjeld meir detaljerte forhold peikar avdelinga på at ein byggeavstand på 10 meter frå senter kommuneveg vil kunne akseptrast og at tilkomsten til tomta bør etablerast i fellesskap med og i grensa mot gnr. 40 bnr. 22. Med omsyn til avløp vil det på vanleg måte verte stilt krav i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 12.

### **Vurdering og konklusjon:**

Det omsøkte tiltaket ligg mellom kommunevegen og sjøen på den nordvestlege delen av Notøya og i eit område som i kommuneplanen er avsett til bustadformål med plankrav. Med omsyn til at tomta ligg nærare sjøen enn 100 meter vil såleis tiltaket vere avhengig av dispensasjon både frå plankravet i kommuneplanen (PBL § 19-2) og frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona (PBL § 1-8). Når det gjeld spørsmål om evt. dispensasjon frå byggeavstandskrava i veglova, så vurderar ein det som mest naturleg å ta dette opp under dele-/byggesaka når eit evt. byggeprosjekt er meir avklara.

Ingen av uttaleorgana har særleg sterke motforestillingar til søknaden. Rådmannen er forøvrig prinsipielt samd med Fylkeskommunen i at det burde ha vore utarbeidd ein reguleringsplan som grunnlag for arealbruken på denne delen av øya. For denne konkrete tomte ville det imidlertid neppe vere så mange andre måtar å løyse tomteavgrensinga på under føresetnad av at bygging skal akseptrast. Når så det aktuelle området er avsett til bustadformål i kommuneplanen tilseier det at utbygging bør kunne tillatast ut frå planfaglege vurderingar. Sør for den omsøkte tomte er dessutan arealet mellom vegen og sjøen såpass avgrensa at det uansett ikkje vil vere rom for fleire bustadtomter her.

På lik line med Fylkesmannen er heller ikkje rådmannen kjend med at det i området er særskilde naturfaglege verdiar som skulle verte skadelidande av tiltaket. Det vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. naturmangfaldslova §§ 8-10.

Etter rådmannen sitt syn vil såleis ein dispensasjon ikkje tilsidesetje dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova og fordelane ved ein dispensasjon vert på denne bakgrunn vurdert som større enn ulempene.

Når det gjeld nærare detaljar omkring vassforsyning, avløpsløyising samt evt. dispensasjon for byggegrensa mot kommunevegen ser rådmannen det som naturleg at dette får si avklaring i samband med ei evt. dele-/byggesak. Rådmannen vil imidlertid tilrå som vilkår for dispensasjonen at tomta får avkøyrsløse i fellesskap med gnr. 40 bnr. 22 i tråd med anleggs- og driftsavdelinga sitt syn.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa uansett utfall av saka.

**Konsekvensar for beredskap:**

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

**Konsekvensar for drift:**

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 28.05.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten





# Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

2012/1701

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

40

Bnr.

13

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Frådeling av bustadkont.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Disp frå plankravet i kommuneplanen, jfr PBL § 19-2

Disp frå dele og byggeforbodet i strandsone, jfr PBL § 1-8

Grunngjeving:

Området er avsett til boligforemål i eksisterande kommuneplan.  
Området er i enden av dette området og fell naturleg inn i rekka av i alt fem bustadkont

Varsling av naboar/gjenbuarar <sup>40/19, 40/22, 40/28</sup> vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Namn Svanhild J. Helde

Adresse Noløy

Postnr. 6070 Postadr. TJØRVÅG

Telefon 70085168

Mobiltlf. 97512919

Dato: 11/3-2013

signatur

Skriv ut

# Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h - jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkelova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:

**Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG**

Plass for kommunen sitt stempel

HERØY KOMMUNE  
RÅDMANNEN

Reg.nr. 2013/368 Saksbeh. HR.

11 MARS 2013

Ark.kode P 40/13  
Ark.kode S  
J.nr. Dok.nr. 1  
Kassasjon

## 1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4)

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§93).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. §96 pbl.
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikkelova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

## 2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar)
40	13			SVANHILD JØRGINE HELDE
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):

## 3a. Søknaden gjeld:

## 3b. Rekvisisjonen gjeld:

Sakstype I og II (PBL§93)	<input checked="" type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av:	Sakstype III (Matrikkelova)	<input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikkelforskr § 34)
	<input type="checkbox"/> Ny grunneigedom <input type="checkbox"/> Anleggseigedom <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema: <i>Erklæring om arealoverføring.</i> ) <input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt <input type="checkbox"/> Oppretting av punktbeste <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)		<input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr § 36) <input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr §31) <input type="checkbox"/> Registering av uregistrert jordsameige (matrikkelforskr § 32) <input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr § 35)

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

## 4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.	
1	m <sup>2</sup>	Bustad	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
2	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6	m <sup>2</sup>		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

## 5. Arealdisponering

Kommuneplan  Kommunedelplan  Reguleringsplan(område/detalj)  Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

## 6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf.pbl § 68.

Ja  Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)

## 7. Avstandar

Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: ..... m

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?  Nei  Ja, avstand: ..... m

Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette

## 8. Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg  Fylkesveg  Kommunal veg  Privat veg

Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrsløse frå offentleg veg (avkøyrsløse og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse

Er løyve til avkøyrsløse gitt?  Ja  Nei

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggest ved.

## 9. Vassforsyning/avlaup - jf. pbl §§ 65 og 66

Offentleg vassverk:  Ja  Nei

Offentleg avlaupsanlegg:  Ja  Nei

Privat vassverk:  Ja  Nei

Privat avlaupsanlegg:  Ja  Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggest ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggest ved denne søknaden.

## 10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring \_\_\_\_\_ Utvida liste over heimelshavar/rekvirentliste

Kart/situasjonsplan \_\_\_\_\_ Fråsegn, samtykkje, løyve

Gjenpart av nabovarsel \_\_\_\_\_ Private bruksrettar (servituttar)

\_\_\_\_\_ Dispensasjonssøknad \_\_\_\_\_ Andre vedlegg: .....

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

## 11. Andre opplysningar

## 12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Dato \_\_\_\_\_ Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)

Rekvirenten si underskrift

Adresse \_\_\_\_\_

Postnr/stad

E-postadresse \_\_\_\_\_

Telefon

*Svanhild J. Helde*

*6070 Tjorvåg*

*70 08 51 68*

## 13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)


Dato \_\_\_\_\_ Betalar sitt namn med blokkbokstavar

Betalar si underskrift

*11/3-2013*

Postnr/stad





 **HERØY KOMMUNE**  
30.11.2012 1:500  
Det kan forekomme feil i kartet




Ufu.

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Saks nr. 2013/268	Saksbeh. HR
- 2 MAI 2013	
Folk kode P	40/13
Folk kode S	
Tit	Dok nr. 4
Klassasjon	

## Herøy kommune.

### Frådeling av tomt til bustadformål gnr40 bnr13 - Svanhild Jørgine Helde. Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### Natur- og miljøverninteresser

Vi kjenner ikkje til særskilte naturfaglege verdiar i området som talar mot ei frådeling som omsøkt.

#### Vurdering og konklusjon

Det har siste åra vore fleire saker med søknad om frådeling for bustader og fritidsbustader i strandsona på denne delen av Notøya. Denne praksisen er uheldig med tanke på ei god og føreseieleg utnytting av arealressursane, der ein tar omsyn til og sikrar ålmenne interesser.

Vi vil likevel ikkje påklage eit positivt vedtak i saka, då den planlagde bustadtomta er i samsvar med kommuneplanen og er ei naturleg forlenging av alt etablert bustadfelt.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Astrid Buset  
overingeniør

#### Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde


*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. 2013/368	Saksbeh. HR
- 3 MAI 2013	
Ark kode P	40/13
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 3
Kassasjon	

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/368	19.03.2013	18898/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	02.05.2013

## Herøy kommune - frådelling gbnr 40/13 Svanhild Jørgine Helde - fråsegn ved dispensasjon frå kommuneplan og § 1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Kulturminne frå nyare tid

Miljøet rundt Herøy gard er viktig for opplevinga av museet, og vi meiner difor omfanget av bustadbygging må avgrensast med vekt på ikkje å vere synleg frå museumsområdet. Tomta det her vert søkt om ser ikkje ut til å vere problematisk, men ettersom det har vore fleire dispensasjonssaker for bygging i området er tida inne for at det vert laga reguleringsplan for bustadområde på Nautøya. Området må difor vurderast nærare i kommuneplanprosessen. Fylkeskonservatoren rår etter dette i mot at det vert gjeve dispensasjon i saka.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing


Johnny Loen  
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre  
rådgivar

### Fagsaksbehandlar

Kulturminne frå nyare tid: Toril Moltubakk, tlf 71 25 89 28

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



## NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr  
2013/368

Arkivkode  
40/13

Dato  
15.05.2013

---

### **SVANHILD JØRGINE HELDE 40/13 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ DELING AV GRUNNEIGEDOM. UTTALE.**


Tomta ein søker frådelt er lokalisert på autsida av kommunevegen på Notøy der det aktuelle området er avsett til bustadføre mål med plankrav. Søknaden må følgeleg handsamast som dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen. Nærleiken til sjø medfører at den også må handsamast som dispensasjon frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona.

Med omsyn til avstand mellom evt. framtidig bygg og veg, vil ein kunne akseptere ein avstand frå senter kommuneveg på 10,0 m. Tilkomsten vil ein tilrå vert etablert felles med gnr. 40 bnr. 22 og lagt i grensa mellom eigedomane.

M.o.t. avløp vil det verte sett krav om opparbeiding av reinseløysing som samsvarar med krava i forurensingsforskrifta kap. 12. Før det kan bli gitt utsløppsløyve, må det sendast inn «søknad om utslipp av sanitært og kommunalt avløpsvann frå hus og hytter i Herøy kommune» med dokumentasjon på at avløpsanlegget held reinsekrava i forurensingsforskrifta kap. 12.

Anleggs- og driftsavdelinga har for sin del ingen øvrige merknader til søknaden.

Med helsing

  
Jan Reidar Gjerde






ØMSØKT  
TOMT







# LOKALISERING AV TILTAKET







Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OR	Arkivsaknr:	2013/491
		Arkiv:	30/63

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
65/13	Maritim og teknisk komite	25.06.2013

### JØRN ROAR SUNDNES 30/63 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ U-GRAD OG ISOLASJONSKRAV I HØVE TEK 10 VED OPPFØRING AV TILBYGG TIL BUSTADHUS

#### Tilråding:

- A.** Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, gjev maritim og teknisk komite dispensasjon frå gjeldande reg.plan m/føresegner, plan-ID 197301, frå 1973 der u-graden er sett til 15 %, slik at utnyttingsgraden kan aukast til 26 % BYA (bebygd areal).

Grunngjeving for dispensasjonen:

U-grad den gongen denne reg.planen vart utarbeidd og den måten u-graden vart berekna / vurdert på er forskjellig i høve den måten u-graden vert berekna på i dag. Nyare reguleringsplanar nyttar BYA (bebygd areal) for å regulere utnyttingsgraden og det er vanleg å setje BYA opp mot 30 % på frittliggande regulerte bustadtomter. Bebygd areal er det avtrykket som bygget totalt gir på eigedomen. I dette høve ligg u-graden lavare enn 30 % og maritim og teknisk komite gjev derfor løyve til å auke u-graden frå 15 % til 26 % BYA slik det er søkt om.

- B.** Maritim og teknisk komite viser til plan- og bygningslova § 31-2 og til SAK 10, § 14-5 og vedtek at det vert gjort unntak om at heile bustadhuset skal tilfredsstillere krava i TEK 10 (tekniske forskrifter) og unntak frå kravet om uavhengig kontroll då dette tiltaket er eit mindre tilbygg som ikkje inneheld våtrom eller er ei hovudombygging av eks. bustadhus.
- C.** Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner maritim og teknisk komite søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, datert 12.04.2013.



Maritim og teknisk komite gjev løyve til oppføring av tilbygg på gnr 30, bnr 63 slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 12.04.2013.

**D. Godkjenning av ansvars- og kontrollomfang (jf. pbl kapittel 23 og SAK kapittel 9 og 14)**

Følgjande føretak vert godkjende i samband med denne saka, jf. kap. 9 i byggesaksforskriften (SAK 10) og plan- og bygningslova (pbl) § 22-3:

	Foretak og orgnr.	Dato for søknad	Funksjon SØK, PRO UTF	Beskriving av ansvarsområdet (arbeid)	Tiltaks-klasse
1	Bygg & System AS 987471174	11.04.13	SØK, PRO og UTF	Ansvarleg søkjar og ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande av tømrerarbeider jf. søknad datert 11.04.2013.	1
2	Frantzen Maskinstasjon AS 982494036	06.06.13	PRO, og UTF	Ansvarleg utførande av landskapsutforming og grunnarbeid jf. søknad datert 06.06.2013	1

**E. Løyvet er elles gjeve på følgjande vilkår:**

Før bygget kan takast i bruk, må det søkast om ferdigattest / mellombels bruksløyve og søknaden må vere godkjent av kommunen, jf. pbl §§ 21-9 og 21-10.

Som vedlegg til søknad om ferdigattest / bruksløyve må det følgje:

1. Komplette og oppdaterte gjennomføringsplan for heile tiltaket.
2. Der tiltaket krev avfallsplan/miljøsaneringsplan, jf. TEK 10 §§ 9-6 og 9-7, skal dokumentasjon på faktisk disponering av avfall (sluttrapport) leggjast ved søknaden om ferdigattest / bruksløyve, jf. SAK 10 § 8-1.
3. Ved overlevering til ny eigar skal det følgje FDV-dokumentasjon for bygget, Dette skal gå fram av dokumentasjonen som ligg ved søknad om ferdigattest.

**Dette løyvet og dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

**Klagerett:**

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Bygg & System AS, Postb. 183, 6099 Fosnavåg  
Jørn Roar Sundnes, Lisjeheida 5, 6091 Fosnavåg

## VEDLEGG:

- Søknad om dispensasjon datert 11.04.2013,
- Søknad om løyve til tiltak m/vedlegg datert 11.04.2013,
- Plan-, snitt- og fasadeteikningar, datert 04.04.2013,
- Situasjonsplan, datert 04.04.2013,
- Søknad om ansvarsrett for SØK, PRO, UTF,
- Gjennomføringsplan, datert 06.06.2013.
- Søknad om fritak – uavhengig kontroll

## SAKSOPPLYSNINGAR:

Tiltak:	Søknad om løyve til tiltak – oppføring av tilbygg
Søknadsdato:	12.04.2013
Tiltakshavar:	Jørn Roar Sundnes, Lisjeheida 5, 6091 Fosnavåg
Ansvarleg søkjar:	Bygg & System AS, Postb 183, 6099 Fosnavåg
Nabovarsel:	Ingen merknader.
Eigedom:	Gnr 30, bnr 63
Planstatus:	Eigedomen er avsett til bustadformål i følgjande reguleringsplan, ID-nr 197301, Bergsøy / Bendal.
Utnyttingsgrad:	Bebygd areal (BYA) er oppgjeve til 236 m <sup>2</sup> . Utnyttingsgraden for denne eigedommen er etter dette berekna til 26 %.
Plassering: Høgde:	Avstand til nabogrense er > 4 m. Bygningens høgde og plassering er vurdert som tilfredstillande i høve pbl § 29-4 / reguleringsplan m/føresegner.
Estetikk (pbl §§ 28-7, 29-1 til 29-3)	Den estetiske utforminga av tiltaket i høve omkringliggende bygningar, terreng, og visuelle verknadar av høgdeplassering er vurdert som tilfredsstillande.
Dispensasjon (pbl § 19-1)	Det er søkt om dispensasjon, jf. pbl § 19-1, frå utnyttingsgraden i høve gjeldande reg.plan for Bergsøy / Bendal m/føresegner og tekniske forskrifter, TEK 10.

## VURDERINGAR:

### DISPENSASJON FRÅ U-GRAD.

Bygg og System søker på vegne av Jørn Roar Sundnes om løyve til tiltak for oppføring av tilbygg til bustadhus på gnr 30, bnr 63. I dette høve vert det også søkt om dispensasjon frå gjeldande reg.plan m/føresegner og løyve til å heve u-graden frå 15 % slik det går fram av reguleringsplanen frå 1973 og heve den til 26 % BYA.

Rådmannen viser til at føresegnene til reguleringsplanen for Bergsøy / Bendal er frå 1973. U-graden den gongen denne reg.planen vart utarbeidd og den måten u-graden vart berekna / vurdert på er forskjellig frå den måten u-graden vert berekna på i dag. Nyare reguleringsplanar nyttar BYA (bebygd areal) for å regulere utnyttingsgraden og det er vanleg å setje BYA opp mot 30 % på frittliggende regulerte bustadtomter. Bebygd areal (BYA) er det avtrykket som bygget totalt gir på eigedommen. Det vert søkt om dispensasjon for å auke u-graden frå 15 % til 26 % (BYA). Dette er godt under den u-graden som er vanleg i nyare regulerte byggfelt. Rådmannen rår derfor til etter ei samla vurdering å auke u-graden frå 15 % slik det går fram av reguleringsplanen frå 1973 til 26 % BYA slik det vert søkt om.

## VURDERING AV DISPENSASJON I HØVE TEK 10:

Bygg og System AS søker også om dispensasjon frå kravet om å tilfredsstille TEK 10 (tekniske forskrifter) på eks. bustadhus. Dei grunnjev dette med at det vert vanskeleg og svært kostbart å oppgradere eks. bustadhus i høve tekniske forskrifter som følgje av at det skal oppførast eit mindre tilbygg.

### **PBL § 31-2, tiltak på eks. byggverk, 4. avsnitt, sitat:**

*Kommunen kan gi tillatelse til bruksendring og nødvendig ombygging og rehabilitering av eksisterende byggverk også når det ikke er mulig å tilpasse byggverket til tekniske krav uten uforholdsmessige kostnader, dersom bruksendringen eller ombyggingen er forsvarlig og nødvendig for å sikre hensiktsmessig bruk. Kommunen kan stille vilkår i tillatelsen. Departementet kan gi forskrifter som nærmere regulerer kommunens adgang til å gi tillatelse etter leddet her.*

Med heimel i plan- og bygningslova § 31-2, 4. avsnitt kan kommunen godkjenne oppføring av tilbygg til bustadhus (ombygging og rehabilitering av eks. byggverk) også når det ikkje er mogleg å tilpasse resten av byggverket til TEK 10 utan uforholdsmessige kostnader dersom ombygginga er forsvarleg og nødvendig for å sikre hensiktsmessig bruk.

I dette høve vert det søkt om løyve til oppføring av tilbygg fordelt på to plan der grunnflata på u.etg er på 43 m<sup>2</sup> og inneheld eit soverom og utviding av kjellarstove / opphaldsrom medan det i 1. etg er utviding av kjøkken / spisestove og balkong.

## VURDERING AV UNNTAK OM UAVHENGIG KONTROLL.

Bygg og System AS søker vidare om fritak frå kravet om uavhengig kontroll i høve pbl § 24, jf. søknad datert 11.06.2013. Dei grunnjev søknaden med at det vert kostbart å engasjere eit føretak til kun tettheitskontroll i høve resultatet ein oppnår. Det skal ikkje etablerast nytt våtrom i tilbygget. Når det gjeld gjennomføring av tettheitskontroll vil det vere vanskeleg og mindre sikkert å ta slike målingar fordi tilbygget er ei opa løysing mellom det gamle bustadhuset og det nye tilbygget.

Som kompensasjon til uavhengig kontroll vil Bygg og System AS utføre utvida eigenkontroll / tettheitskontroll ved innsetting av m.a. vindu og balkongdører.

Bygg og System AS søker på dette grunnlag om fritak for kravet om uavhengig kontroll for dette tiltaket.

### **SAK 10, § 14-5. Unntak fra krav om obligatorisk uavhengig kontroll:**

*Kommunen kan i særlige tilfeller gjøre helt eller delvis unntak fra krav om obligatorisk uavhengig kontroll etter § 14-2, når kontroll er unødvendig for å sikre at tiltaket er i samsvar med tillatelser og bestemmelser gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven. Unntak fra kravet om uavhengig kontroll skal fremgå av tillatelsen.*

Rådmannen viser til plan- og bygningslova § 31-2 og til SAK 10, § 14-5 og rår til, etter ei samla vurdering, at det kan gjerast unntak frå krava om at heile bustadhuset

skal tilfredsstillte TEK 10 (tekniske forskrifter) og unntak frå kravet om uavhengig kontroll då dette tiltaket er eit mindre tilbygg som ikkje inneheld våtrom eller er ei hovudombygging av eks. bustadhus.

I det desse spørsmåla er heimla i pbl § 31-2 og sakshandsamingsreglane i SAK 10, § 14-5 og det er opp til kommunen å vurdere desse forholda kvart enkelt tiltak, treng ein ikkje handsame desse forholda som dispensasjon frå gjeldande lover / forskrifter.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Ingen konsekvensar

**Konsekvensar for beredskap:**

Endringa har heller ingen konsekvensar for beredskapen i området. Det er 5 m til nabogrense og meir enn 8 m frå det prosjekterte tilbygget til nabobygningane.

Fosnavåg, 12.06.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Onar Remøyholm

# Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:

Herøy kommune

Utviklingsavdelinga

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Saknr. i kommunen:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

Møtetreke:

01

Vedlegg nr.

Sak nr. ....

- Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).
- Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr. 30

Bnr. 63

Festenr. \_\_\_\_\_

Kort omtale av tiltaket:

Tilbygg bustad

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

- Reguleringsplanens utnyttingsgrad
- Fråvik frå TEK 10 på eksisterande bustad.

Grunngjeving:

Eksisterande bustad med garasje ligg på 20% BYA allereide. Tilbygget vil føre til at tomta får ei utnytting på rundt 26% Tilbygget tvinga seg fram då det var behov for nytt soverom samt spisestue. Søker derfor om dispensasjon for bygging over tillatt BYA.

Det blir søkt om fråvik frå TEK10 på eksisterande bustad då det blir ei vanskelig/kostbar oppgave å oppgradere denne til gjeldande forskrifter. Tilbygget blir bygget etter minstekrava, men vil få svekka funksjon då det er åpa løysing mellom det nye og det gamle

Varsling av naboar/gjenbuarar ..... vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Eventuelle teikningar, kart etc. .... vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Namn Jørn Roar Sundnes

Adresse Lisjeheida 5

Postnr. 6091

Postadr. Fosnavåg

Telefon \_\_\_\_\_

Mobiltf. \_\_\_\_\_

Dato: 11.04.2013

signatur

Skriv ut



# Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



## Søknaden gjelder

Vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd, OPPFYLLES.  
Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

## Eiendom/Byggested

Kommune Gnr. Bnr. Adresse  
Herøy i Møre og Romsdal 30 63 Lisjeheida 5, 6091 FOSNAVÅG

## Tiltakets art

Søknadstype Tiltakstype Næringsgruppekode Formål  
Ettrinnsøknad Tilbygg med samlet areal større enn 50 m<sup>2</sup> X Boliger bolig

## Tiltakshaver

Partstype Navn Adresse  
privatperson Jørn Roar Sundnes Lisjeheida 5, 6091 FOSNAVÅG

## Ansvarlig søker

Navn Organisasjonsnummer Adresse Kontaktperson  
BYGG & SYSTEM AS 987471174 Postboks 183, 6099 FOSNAVÅG Gunnar Åge Gundersen

## Varsling

Tiltaket krever nabovarsling  
Det foreligger ingen merknader fra naboer eller gjenboere

## Følgerevurdering

Tilbygg til eksisterende bolig

HERØY KOMMUNE  
RÅDMANNEN  
2013/491 Saksbeh. OR  
12 APR. 2013  
30/63  
Dok nr. 1

Vedlegg nr. 02  
Sak nr.

## Arealdisponering

### Planstatus mv.

Type plan Navn på plan  
Reguleringsplan Bergsøy - Bendal

Reguleringsformål  
Bolig

Beregningsregel angitt i gjeldende plan Grad av utnyttning iht. gjeldende plan  
%BYA 20%

### Tomtearealet

Byggeområde/grunneiendom 963,00 m<sup>2</sup>  
= Beregnet tomteareal 963,00 m<sup>2</sup>

### Bebyggelsen

Beregnet maksimalt byggeareal iht. plan 192,60 m<sup>2</sup>  
Areal eksisterende bebyggelse 175,50 m<sup>2</sup>  
- Areal som skal rives 0,00 m<sup>2</sup>  
+ Areal ny bebyggelse 46,00 m<sup>2</sup>  
+ Parkeringsareal 15,00 m<sup>2</sup>  
= Sum areal 236,50 m<sup>2</sup>

### Grad av utnyttning

Beregnet grad av utnyttning 24,56

# Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



## Plassering av tiltaket

Høyspent kraftlinje er ikke i konflikt med tiltaket.  
Vann og avløpsledninger er ikke i konflikt med tiltaket.

## Bygningsopplysninger

	m <sup>2</sup> BYA	m <sup>2</sup> BRA			Antall bruksenheter		
		Bolig	Annet	I alt	Bolig	Annet	I alt
Eksisterende	175,50	195,00		195,00	1		1
Ny	46,00	65,00		65,00	0		0
Åpne arealer/Enheter som fjernes	0,00				0		0
Sum	221,50	260,00		260,00	1	0	1

Antall etasjer etter at tiltaket er gjennomført: 2

## Krav til byggegrunn

### Flom

Byggverket skal IKKE plasseres i flomutsatt område

### Skred

Byggverket skal IKKE plasseres i skredutsatt område

### Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)

Det foreligger IKKE fare eller vesentlig ulempe som følge av andre natur- og miljøforhold.

## Tilknytning til veg og ledningsnett

### Adkomst

Tiltaket gir ikke ny/endret adkomst.

Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Avkjørselstillatelse er gitt.

### Vannforsyning

Tomta er tilknyttet offentlig vannverk

### Avløp

Tomta er tilknyttet offentlig avløpsanlegg

Ikke relevant

### Overvann

Takvann/overvann føres til terreng

## Løfteinnretninger

### Løfteinnretninger

Det er IKKE løfteinnretninger som omfattes av TEK i bygningen  
Det planlegges IKKE en slik innretning

## Merknader fra ByggSøk

# Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



## Kontroll av søknaden viser at følgende sider mangler obligatorisk informasjon:

Beskrivelse av tiltak - Formål

Beskrivelse av tiltak - Bebyggelse - Arealdisponering

Beskrivelse av tiltak - Bebyggelse - Bygningsopplysninger

Parter - Tiltakshaver

Parter - Foretak

### Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

#### Ansvarlig søker

Dato 11.04.2013

Signatur Anders Leine

Gjentas med blokkbokstaver

ANDERS LEINE

#### Tiltakshaver

Dato \_\_\_\_\_

Signatur \_\_\_\_\_

Gjentas med blokkbokstaver

Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

11.04.2013

Deres ref:

## GNR 30 BNR 63 – JØRN ROAR SUNDNES– TILBYGG

Vi vil på vegne av tiltakshaver søke om oppføring av tilbygg.

### **Opplysninger om tiltaket:**

Tilbygget har ein totalstørrelse på ca. 67m<sup>2</sup> BRA.

Tilbygget kjem til å innehalde kjellarstue, soverom i underetg og spisestue i hovedetasje.

Det er allereie gitt graveløyve på tomta.

Etter reguleringsplanen å dømme kan det sjå ut som utnyttingsgrada er satt til 20%.

Vedlagt ligg søknad om dispensasjon då tilbygget vil føre til at vi ikkje lenger held oss innanfor dette kravet.

I tillegg til søknad om Fråvik frå TEK 10

### **Naboforhold:**


Det vart innhenta underskrifter frå alle naboar. Det foreligger ingen innvendingar mot planane

Vi håper at dei opplysningane vi her har gitt er tilstrekkelig til at ein kan behandle søknaden og håper på eit positivt svar.

Venleg helsing  
**Bygg & System AS**

---

Anders Leine  
Mob: 932 23 426  
[anders@byggogsystem.no](mailto:anders@byggogsystem.no)



Fasade sør-aust

Fasade nord-aust

Tilbygg Sundnes  
Målestokk 1:100




**BYGG & SYSTEM AS**  
HUSLEVERANDØR - SYSTEMINNREIING

Dato: 04.04.13  
Arkstørrelse: A4

Gnr. 30 , Bnr. 63

**Vedlegg nr.** 03


**Sak nr.** .....



Fasade sør-vest



GARASJE



## Plan 1.etg

Tilbygg Sundnes  
Målestokk 1:100



**BYGG & SYSTEM AS**  
HUSLEVERANDØR - SYSTEMINNEING

Dato: 04.04.13

Arkstørrelse: A4


Gnr. 30 , Bnr. 63


Plan kjellar  
Tilbygg Sundnes  
Målestokk 1:100



Dato: 04.04.13  
Arkstørrelse: A4

Gnr. 30 , Bnr. 63





Vedlegg nr. G-	Side 1 av 1
-------------------	----------------



## Søknad om ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven

Søknaden gjelder							
Elendom/ byggsted	Gnr.	Bnr.	Festnr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
	30	63					HERØY KOMMUNE
	Adresse				Postnr.	Poststed	
	Lisjeheida 5				6091	FOSNAVÅG	

Foretak			
Foretak Frantzen Maskinstasjon as			Organisasjonsnr. 982494036
Adresse Gamle Myklebustveg 9		Postnr. 6092	Poststed FOSNAVÅG
Kontaktperson Gustav Frantzen		Telefon 70 08 86 58	Mobiltelefon 950 37 890
E-post frantzenmaskin@gmail.com			

Funksjon (SØK, PRO, UTF, kontroll)	Beskrivelse av ansvarsområdet	Tiltaks- klasse	Våre samsvarserklæringer/kontrollerklæringer vil foreligge ved: (sett X)			
			Søknad om ramme- tillatelse	Søknad om igangsettings- tillatelse/ ett-trinns søknad	Søknad om midlertidig brukstillatelse	Søknad om ferdigattest
PRO	Grunnarbeid og landskapsutforming	1				X
UTF	Grunnarbeid og landskapsutforming	1				X

Godkjenning av foretak	
Foreligger sentral godkjenning innenfor ansvarsområdene?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Dekkes ansvarsområdet av sentral godkjenning	<input checked="" type="checkbox"/> Helt <input type="checkbox"/> Delvis <input type="checkbox"/> Nei
Hvis delvis, beskriv det som ikke dekkes (Er det behov for ytterligere plass, beskriv i eget vedlegg): Innmåling og utstikking	
	Vedlegg nr. G-
Hvis nei eller delvis, legg ved "Vedlegg til søknad om ansvarsrett der foretaket ikke har sentral godkjenning".	
	Vedlegg nr. G-

Erklæringer og underskrifter	
Foretaket er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger.	
<input checked="" type="checkbox"/> Vi forplikter oss å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket <input checked="" type="checkbox"/> Ansvarlig prosjekterende erklærer at prosjekteringen skal være planlagt, gjennomført og kvalitetssikret i henhold til pbl <input checked="" type="checkbox"/> Ansvarlig utførende erklærer at arbeidet ikke skal starte før det foreligger kvalitetssikret produksjonsunderlag for respektive del av utførelsen <input type="checkbox"/> Ansvarlig kontrollerende erklærer uavhengighet, jf. SAK10 § 14-1, og vil redegjøre for endringer som kan påvirke uavhengigheten	
Ansvarlig foretak	Ansvarlig søker for tiltaket
Foretak Frantzen Maskinstasjon as	Foretak Bygg & System as
Dato 06.06.2013	Dato
Underskrift <i>Gustav Frantzen</i>	Underskrift
Gjentas med blokkbokstaver GUSTAV FRANTZEN	Gjentas med blokkbokstaver



# Søknad om ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven



Ansvarlig prosjekterende erklærer at prosjekteringen skal være planlagt, gjennomført og kvalitetssikret i henhold til pbl.

Ansvarlig utførende erklærer at arbeidet ikke skal starte før det foreligger kvalitetssikret produksjonsunderlag for respektive del av utførelsen.

Foretaket forplikter seg å stille med kompetanse som angitt i ansvarsoppgaven.

## Ansvarlig søker

Dato 11.04.2013

Signatur Anders Leine

## Ansvarlig foretak

Dato \_\_\_\_\_  
**BYGGFAG Herøy**  
**Bygg & System AS**

Signatur \_\_\_\_\_  
P.B. 183, 6053 FOSNAVÅG  
Tlf. 70 08 79 20 Fax. 70 05 79 23  
E-post: post@byggfag.no



# Søknad om ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven



## Søknaden gjelder

### Eiendom/Byggested

Kommune Gnr. Bnr. Adresse  
Herøy i Møre og Romsdal 30 63 Lisjeheida 5, 6091 FOSNAVÅG

## Foretak

Organisasjonsnummer Navn Adresse  
987471174 BYGG & SYSTEM AS Postboks 183, 6099 FOSNAVÅG

Kontaktperson  
Gunnar Åge Gundersen

### Foretaket er sentralt godkjent for

funksjon	fagområde	tiltaksklasse
Utførelse	Overordnet ansvar for utførelse (bygning, anlegg eller konstruksjon, tekniske installasjoner)	2
Søker	Andre	2
Prosjektering	Overordnet ansvar for prosjektering (bygning, anlegg eller konstruksjon, tekniske installasjoner)	2

## Ansvarsområde

### Søker

Ansvarsområde  
Ansvarlig søker

Ansvarsområdet er dekket av den sentrale godkjenningen.  
Vi forplikter oss til å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket.

### Prosjekterende

Ansvarsområde Tiltakskl. Samsvarserklæring foreligger ved  
Tømrerarbeider 1 Igangsetting

Ansvarsområdet er dekket av sentral godkjenning.  
Ansvarlig prosjekterende erklærer at prosjekteringen skal være planlagt, gjennomført og kvalitetssikret i henhold til pbl.  
Vi forplikter oss til å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket.

### Utførelse

Ansvarsområde Tiltakskl.  
Tømrerarbeider 1

Ansvarsområdet er dekket av sentral godkjenning.  
Ansvarlig utførende erklærer at arbeidet ikke skal starte før det foreligger kvalitetssikret produksjonsunderlag for respektiv del av utførelsen.  
Vi forplikter oss til å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket.

## Erklæring og signering

Foretaket er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger.

# Gjennomføringsplan



## Søknaden gjelder

### Eiendom/Byggested

Kommune Gnr. Bnr. Adresse Dato Sign. Ansv. søker  
 Herøy i Møre og Romsdal 30 63 Lisjeheida 5, 6091 FOSNAVÅG 06.06.2013 Anders Leine

## Beskrivelse fagområde

### Prosjektering

Fagområde	Ansvarsområde	Tiltaksklasse	Foretakets navn	Søknad om rammetilattelse	Søknad om igangsettings- /ett-trinn søknad	Søknad om midlertidig bruks- tilattelse	Søknad om ferdigattest	Arbeidet innenfor ansvaretten er avsluttet
Tømrerfag	Tømrerarbeider	1	987471174 BYGG & SYSTEM AS		X			
Grunnarbeid	Grunnarbeid og landskapsutforming	1	982494036 FRANTZEN MASKINSTASJON AS				X	

### Utførelse

Fagområde	Ansvarsområde	Tiltaksklasse	Foretakets navn	Søknad om rammetilattelse	Søknad om igangsettings- /ett-trinn søknad	Søknad om midlertidig bruks- tilattelse	Søknad om ferdigattest	Arbeidet innenfor ansvaretten er avsluttet
Tømrerfag	Tømrerarbeider	1	987471174 BYGG & SYSTEM AS				X	
Grunnarbeid	Grunnarbeid og landskapsutforming	1	982494036 FRANTZEN MASKINSTASJON AS				X	

# BYGGFAG Herøy

Bygg & System AS

**BYGG  
FAG**

Fagbutikken i Ditt Distrikt  
[www.byggfag.no](http://www.byggfag.no)

Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

11.06.2013

Deres ref:

## GNR 30 BNR 63 – TILBYGG TIL BUSTAD, JØRN ROAR SUNDNES

Viser til brev (e-post) frå Herøy kommune datert 04.06.2013 der det vert stilt spørsmål om uavhengig kontroll på tiltak som gjeld oppføring av tilbygg på gnr 30, bnr 63.

Når det gjeld saka til Jørn Roar Sundnes tolkar eg forskriftene slik det ikkje er krav om uavhengig kontroll for oppføring av mindre tilbygg og fordi det ikkje skal etablerast noko nytt våtrom i tilbygget.

Å engasjere eit uavhengig kontrollføretak vil koste ein god del. I dette høve er det kun tetttheit som kan / skal kontrollerast. Når det gjeld lufttetttheit ved oppføring av tilbygg vil det vere vanskeligare og mindre sikkert å ta slike målingar. Vi vil derfor ha ekstra fokus på lufttetttheit ved oppføring av tilbygget og utføre utvida eigenkontroll ved innsetting av mellom anna vindu og balkongdører.

Vi søker om fritak for kravet om uavhengig kontroll på dette tiltaket som gjeld oppføring av eit mindre tilbygg.

Venleg helsing  
**Bygg & System AS**



Anders Leine

Mob: 932 23 426

[anders@byggogsystem.no](mailto:anders@byggogsystem.no)

TRELAST – BYGGEVARER – INTERIØR – HUS – HYTTER – GARASJER

**Bygg & System AS** - Postboks 183, 6099 FOSNAVÅG - Org.nr. NO 987 471 174 MVA

Tlf.: 70 08 79 20 – Fax: 70 08 79 28 - [www.byggogsystem.no](http://www.byggogsystem.no)

[www.byggfag.no](http://www.byggfag.no)



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OR	Arkivsaknr:	2013/410
		Arkiv:	35/148

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
66/13	Maritim og teknisk komite	25.06.2013

### **AURVOLL OG FURESUND AS 35/148 OG 34/399 - LØYVE TIL TILTAK MASSEUTSKIFTING.**

#### **Tilråding:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gjev maritim og teknisk komite dispensasjon frå plankravet i arealdelen i kommuneplanen med tanke på masseutskifting på gnr 34, bnr 399 og gnr 35, bnr 184 i Herøy kommune.

Grunngjeving for dispensasjonen:

Tiltaket set ikkje til sides kommuneplanen sitt arealformål og tiltaket vil heller ikkje gjere det vanskeleg å regulere området på eit seinare tidspunkt. Ein set ikkje til sides omsynet til det plankravet skal ivareta.

Det vil vere ei klar overvekt av fordelar med å masseutskifte området med reine steinmassar slik det er søkt om. Tiltaket vil ikkje medføre negative ulemper for området og vil ikkje setje til side kommuneplanen sine føringar vedr. arealformål.

#### **Klagerett:**

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klageast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Aurvoll og Furesund AS, Mjølstadneset, 6092 Fosnavåg  
Igesund Eigedom AS, Postb. 164, 6099 Fosnavåg



## Vedlegg:

- Søknad om løyve til tiltak,
- Kartutsnitt 1:1500, 1:1000 og ortofoto 1:1000,
- Utsnitt av kommuneplankart 1:1000
- Brev frå Møre og Romsdal fylke v/kulturavdelinga datert 16.05.2013,
- Brev frå fylkesmannen datert 03.06.2013,
- Brev frå Anleggs- og driftsavdelinga datert 06.06.2013.

## Saksopplysningar:

Aurvoll og Furesund AS søker på vegne av Igesund Eigedom AS om løyve til masseutskifting på gnr 34, bnr 399 og gnr 35, bnr 148 i Herøy kommune.

Det vert søkt om løyve til å fjerne lausmasser / myrmaser og fyller opp området med steinmasser frå anleggsområdet til «badeland».

## Planstatus:

Området er uregulert, men er lagt ut til industriområde i gjeldande kommuneplan. Det vert søkt om dispensasjon frå plankravet i gjeldande arealplan for å masseutskifte omsøkt område.

## Kva føremål vert søkt dispensasjon til:

Planstatus vert uendra, industriformålet gjeld fortsatt. Dispensasjonen vert derfor kun omfatta av plankravet som er framført i kommuneplanen.

Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming og situasjonsskisser):

Tiltaket går ut på å masseutskifte myra med reine steinmasser frå «badeland-prosjektet».

## Andre opplysningar:

Saka har vore oversendt off. høyringsinstansar til uttale:

**Fylkesmannen** har utfrå sine ansvarsområder ingen vesentlege merknader, men føreset at friområdet i kommuneplanen ikkje vert omdisponert som følgje av utfyllinga, jf. brev datert 03.06.2013.

**Møre og Romsdal fylkeskommune v/kulturavdelinga** har utfrå sine ansvarsområder følgjande merknader.

Automatisk freda kulturminne. Arkeolog frå kulturavdelinga har synfart området. Vi vurderer at det ikkje er naudsynt med nærmare registrering i området i høve til tiltaket. Vi minner likevel om meldeplikta etter § 8-2 i kulturminnelova; dersom det kjem fram funn eller strukturar som kan gjere vere å rekne som automatisk freda kulturminne, skal ein straks stogge arbeidet og melde frå til arkeolog ved fylkeskommunen.

**Anleggs- og driftsavdelinga i Herøy kommune** har gjev slik uttale til søknaden. Søkjar ønskjer å fjerne lausmasser (myrmasser) og fyller opp området med steinmasser.

Anleggs- og driftsavdelinga har liggande ei betongleidning over området (jf. vedlegg) Leidninga er av betong med ein diameter  $\varnothing = 800$  mm. Leidninga er ei kombileidning som tek unna avløp og drensvatn som kjem frå Huldalen.

Ved ei masseutskifting må det takast spesielt omsyn til denne leidningen slik at denne ikkje vert påført skade. Likeeins må ein vise varsemd ved omfylling av rør og påsjå at det ikkje vert utført komprimering / valsing over disse røra med tungt utstyr.

Forøvrig har ein ingen særskilde merknader til saka.

### **Vurdering og konklusjon:**

Hensynet bak plankravet. Tiltaket set ikkje til sides kommuneplanen sitt arealformål og tiltaket vil heller ikkje gjere det vanskeleg å regulere området på eit seinare tidspunkt. Ein setter ikkje til sides omsynet til det plankravet skal ivareta.

Fordelar og ulemper. Det vil vere ei klar overvekt av fordelar med å masseutskifte området med reine steinmassar slik det er søkt om. Tiltaket vil ikkje medføre negative ulemper for området og vil ikkje setje til side kommuneplanen sine føringar vedr. arealformål.

Etter rådmannen si vurdering vil ein dispensasjon frå plankravet i dette høve vere tilrådeleg.

### Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvensar

### Konsekvensar for beredskap:

Masseutskifting i dette område har ingen konsekvensar for beredskapen i området.

### Konsekvensar for drift:

Det må takast særskilt omsyn til dei leidningsanlegga som driftsavdelinga har i dette området. Brudd el. skade på desse leidningane må meldast til Anleggs- og driftsavdelinga umiddelbart.

Fosnavåg, 12.06.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Onar Remøyholm

N

**Søknad om tillatelse til tiltak**  
etter plan- og bygningsloven § 20-1

Rammetillatelse  
 **Ett-trinns søknadsbehandling**

Oppfylles vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd?  Ja  Nei

**Søknad om ansvarsrett for ansvarlig søker**  
Foreligger sentral godkjenning?  Ja  Nei  
Hvis nei, vedlegg byggbblankett 5159.

Berer tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser?  Ja  Nei

Hvis ja, skal samtykke innhentes fra arbeidstakerne før oppsettning av tiltaket. **01**

Berer tiltaket byggverk oppført før 1850, eller etter 1850, andre ledd?  Ja  Nei

Hvis ja, skal uttalelse fra fylkeskommunen foreligge før oppsettning av tiltaket.

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppsettning eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Ark kode P **35/148**

**Søknaden gjelder**

Eiendom/byggested	Gnr. <b>35/34</b>	Bnr. <b>148/399</b>	Festnr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Boiagnr.	Kommune
	Adresse <b>lgsund</b>				Postnr. <b>6010</b>	Poststed <b>Fosnavåg</b>	Dak nr <b>Høy 1</b>

Planlagt bruk/formål:  Bolig  Fritidsbolig  Garasje  Annet: **Masscutskiftning** Bygn.typekode (jf. s. 2)

Tiltakets art pbl § 20-1 (flere kryss mulig)

Nye bygg og anlegg	<input type="checkbox"/> Nytt bygg *)	<input type="checkbox"/> Parkeringsplass *)	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Veg	<input checked="" type="checkbox"/> Vesentlig terrenginngrep
Endring av bygg og anlegg	<input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg *)	<input type="checkbox"/> Fasade			
	<input type="checkbox"/> Konstruksjon	<input type="checkbox"/> Reparasjon	<input type="checkbox"/> Ombygging	<input type="checkbox"/> Anlegg	
Endring av bruk	<input type="checkbox"/> Bruksendring	<input type="checkbox"/> Vesentlig endring av tidligere drift			
Riving	<input type="checkbox"/> Hele bygg *)	<input type="checkbox"/> Deler av bygg *)	<input type="checkbox"/> Anlegg		
Bygn.tekn. installasj.**)	<input type="checkbox"/> Nyanlegg *)	<input type="checkbox"/> Endring	<input type="checkbox"/> Reparasjon		
Endring av bruksenhet i bolig	<input type="checkbox"/> Oppdeling	<input type="checkbox"/> Sammenføyning			
Innhegning, skilt	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l.			
Oppretting/ending av matrikkelenhet ***)	<input type="checkbox"/> Grunneiendom *)	<input type="checkbox"/> Anleggseiendom	<input type="checkbox"/> Festegrunn over 10 år	<input type="checkbox"/> Arealoverføring	

\*) Byggbblankett 5175 fylles ut og vedlegges. (Vedlegg gruppe A)      \*\*) Gjelder kun når installasjonen ikke er en del av et større tiltak.      \*\*\*) Unntatt fra krav om ansvarsrett. Behandles etter matrikkelloven. Registrert eier underskriver i feltet for tiltakshaver.


Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	[ikke relevant]
Underskrift (tiltakshavar eller ansvarleg søkjer)

Eide Børre Karsten



# Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

## Eiendom/byggested

1515 - 9/12

Adresse

### Nabo-/gjenboereiendom

### Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr 1515 - 9/2	Eier/Festers navn JAKOBSEN PAUL KARSTEN		
Eiendomsadresse	Adresse VIKAGATA 19	Postnr	Poststed 6010 ÅLESUND
Personlig kvittering er mottatt varsel	Dato   Sign.		
<input type="checkbox"/> Varsel er mottatt	<input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket		
	11/3-12 Paul K. Jakobsen		

### Nabo-/gjenboereiendom

### Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr 1515 - 9/12	Eier/Festers navn EIDE BØRRE KARSTEN		
Eiendomsadresse 6096 RUNDE	Adresse 6096 Runde	Postnr	Poststed 6096 RUNDE
Personlig kvittering er mottatt varsel	Dato   Sign.		
<input type="checkbox"/> Varsel er mottatt	<input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket		
	28/9-11 Børre K. Eide		

### Nabo-/gjenboereiendom

### Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr 1515 - 9/12	Eier/Festers navn EIDE KARI-METTE RUNDE		
Eiendomsadresse	Adresse 6096 Runde	Postnr	Poststed 6096 RUNDE
Personlig kvittering er mottatt varsel	Dato   Sign.		
<input type="checkbox"/> Varsel er mottatt	<input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket		
	7/10-12 Kari-Mette Runde Eide		

### Nabo-/gjenboereiendom

### Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr 1515 - 9/39	Eier/Festers navn RUNDE OLE-HARALD		
Eiendomsadresse	Adresse JONSBERGET 5 B	Postnr	Poststed 6009 ÅLESUND
Personlig kvittering er mottatt varsel	Dato   Sign.		
<input type="checkbox"/> Varsel er mottatt	<input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket		
	9/3-20/2 O. H. Runde		

### Nabo-/gjenboereiendom

### Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr 1515 - 9/69	Eier/Festers navn RUNDE HALVARD PER		
Eiendomsadresse	Adresse	Postnr	Poststed 6096 RUNDE
Personlig kvittering er mottatt varsel	Dato   Sign.		
<input type="checkbox"/> Varsel er mottatt	<input checked="" type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket		
	7/10-12 Halvard Runde		

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: \_\_\_\_\_

Plass for stempel og signatur

Sign.

# Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

## Eiendom/byggested

1515 - 9/12

Adresse

### Nabo-/gjenboereiendom

### Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 9/71

Eier/Festers navn

REMØY ODDMAR INGE

Eiendomsadresse

HOLEN 540

Adresse

Postnr

Poststed

6096 RUNDE

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

14/5-12

*Oddmar Inge*

### Nabo-/gjenboereiendom

### Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 9/73

Eier/Festers navn

RUNDE HJØRUN

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

6096 RUNDE

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

7/10-12

*Hjørun Runde*

### Nabo-/gjenboereiendom

### Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 9/90

Eier/Festers navn

STATENS VEGVESEN

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

6404 MOLDE

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

### Nabo-/gjenboereiendom

### Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 9/95

Eier/Festers navn

HASFJORD JØRN SINDRE

Eiendomsadresse

Adresse

Postnr

Poststed

6096 RUNDE

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

14.05-12

*Jørn S. Hasfjord*

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Plass for stempel og signatur

Samlet antall sendinger: \_\_\_\_\_

Sign.

Vedlegg. 3

# Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

\_\_\_\_\_

Motteke:

\_\_\_\_\_

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

9

Bnr.

12

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Bygging av ~~høys~~ bustadhus og fradeling av tomt i samband med dette.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Bygging i LNF område, dvs. Fradeling av tomt til bygging av bustad i område regulert som LNF.

Grunngjeving:

Sjå vedlegg 8  
gjelder tomt 1.

Varsling av naboar/gjenbuvar ..... vedlegg nr.:

2

Eventuelle teikningar, kart etc. .... vedlegg nr.:

4-5-6-7

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.:

Namn

Børre K. Fide

Adresse

6096 Runde

Postnr.

6096

Postadr.

RUNDE

Telefon

7087271

Mobiltlf.

90669980

Dato:

11.11.2012

Børre K. Fide  
signatur

Skriv ut

## Plan og bygningslova

### § 19-1. Søknad om dispensasjon

Dispensasjon krever grunnlagt søknad. Før vedtak treffes, skal naboer varsles på den måten som nevnt i § 21-3. Særskilt varsel er likevel ikke nødvendig når dispensasjonssøknad fremmes samtidig med søknad om tillatelse etter kapittel 20, eller når søknaden åpenbart ikke berører naboens interesser. Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.

I kraft 1 juli 2009, se § 34-1.

### § 19-2. Dispensasjonsvedtaket

Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.

Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.

Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Departementet kan i forskrift gi regler for omfanget av dispensasjoner og fastsette tidsfrist for behandling av dispensasjonssaker.

I kraft 1 juli 2009, se § 34-1.

Endret ved lov 8 mai 2009 nr. 27.

### § 19-3. Midlertidig dispensasjon

Midlertidig dispensasjon kan gis tidsbestemt eller for ubestemt tid. Ved dispensasjonstidens utløp eller ved pålegg må søkeren uten utgift for kommunen fjerne eller endre det utførte, eller opphøre med midlertidig tillatt bruk, eller oppfylle det krav det er gitt utsettelse med, og hvis det kreves, gjenopprette den tidligere tilstand.

Dispensasjon kan gjøres betinget av erklæring der også eier eller fester for sin del aksepterer disse forpliktelser. Erklæringen kan kreves tinglyst. Den er bindende for panthavere og andre rettighetshavere i eiendommen uten hensyn til når retten er stiftet og uten hensyn til om erklæringen er tinglyst.

I kraft 1 juli 2009, se § 34-1.


### § 19-4. Dispensasjonsmyndigheten

Myndigheten til å gi dispensasjon tilligger kommunen.

Dersom det er nødvendig for å ivareta nasjonale eller viktige regionale interesser og hensyn i nærmere angitte deler av strandsonen eller fjellområder, kan Kongen i forskrift legge myndigheten til å gi dispensasjon fra bestemte planer, eller for bestemte typer tiltak, midlertidig til regionalt eller statlig organ.

I kraft 1 juli 2009, se § 34-1.





RUNDE

Tett skog

Holen

Vedlegg 4.

25 25

Nyttomt.

2.

**HERØY KOMMUNE**  
 06.08.2012 1:1000  
 Det kan forekomme feil i kartet



Vedlegg 5



 **HERØY KOMMUNE**  
06.08.2012 1:1000  
Det kan forekomme feil i kartet

0 10 40 m





Vedlegg 6



**HERØY KOMMUNE**  
06.08.2012 1:500  
Det kan forekomme feil i kartet



## **Grunngjeving for dispensasjon fra LNF til boligtomt.**

Familien vår består av Johanna Marie Svennebø Runde, Kjetil Olsen og våre to gutar Marius på 5 år og Sander på 1,5 år. Me bur i dag på Eggesbønes i eit trangt byggefelt. Etter fleire års søk etter ein permanent stad å bu, har me bestemt oss for at me ønskjer å busetje oss på Runde. For oss er alternativet å byggje på øya sidan det er mangel på bustadar å få kjøpe.

Området me ønskjer å byggje på er eit område med spredt bebygging, med både nyare og eldre hus. Området er eigd av svoger og syster av Johanna, sjå vedlegg 4 og 5. På Runde er det lite bustadtomter til salgs, derfor er det gjort avtale om at me skal få byggje hus på tomta deira.

Me har begge fått oppleve kva det betyr å vekse opp på ein liten plass der fjøre, sjø, utmark og natur har vore ein viktig del av oppveksten. Blant anna dette ønskjer me at våre born også skal få oppleve. Me håpar også at me kan vere med på å halde liv i det gode samfunnet som allerede eksisterer der ute, og kanskje bidra til at fleire unge flyttar heim til Runde.

Tomta me har sett oss ut ligg innafor 100 metersbeltet til strandsona, men grensa er oppheva ved at ein kommunal veg går nedanfor tomta.

Veg inn på tomta kan bli teke fra privat veg fra tomtefrådelar, og ikkje fra kommunalveg eller fylkesveg.

Området vil ligge på linje med ei tomt som vart skilt ut på 80-tallet, der det også vart bygd hus (j.fr. tomt 9/71).

Tomta me planlegg å skilje ut er ikkje eigna til beiting eller noko anna form for landbruk. Det vil ikkje vere noko som tilseie at det vil verte konflikt med tur og fritidsinteresser.

Me ser fram til eit snarleg og positivt svar.

Med venleg helsing



Johanna Runde

Kjetil Olsen

## Johanna Marie Svennebø Runde

---

**Fra:** Kari-Mette Runde Eide [kari-mr@online.no]  
**Sendt:** 5. desember 2012 00:10  
**Til:** Johanna Marie Svennebø Runde  
**Emne:** Søknad om frådelling av tomt på Runde

Vi søker om å dele ifrå to tomter frå bruket vårt på Runde. Kari-Mette si søster med familie ønskjer å byggje seg eit hus på eine tomte. Vi synes det er fint med fleire naboar og tenkjer i den samanheng å skilje frå ei tomt til for evt. andre som vil byggje her. Dette er ein god måte å nytte arealet på. Vi tenkjer også at når eitt hus er under bygging så er det lettare for andre interesserte å hive seg med dersom tomte er klar.

Håper på positivt svar.

Vedlegg nr. 9

Kari-Mette Runde Eide og Børre Eide



**HERØY KOMMUNE**  
**Utviklingsavdelinga**

vedlegg nr 10

Tiltakshavar		Gnr 9	Bnr 12
Ansvarleg søkjar	Børre Eide		
Adresse	6096 RUNDE		
Saksnr			

**SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AVSTANDSKRAVA I VEGLOVA § 29**

Minste avstand til senterlinje veg 30...m

**Søknad om:**

- Nybygg  Tilbygg  Garasje  
 Anna

**Avstand til vegtype:**

- Fylkesveg (50 meter)  Kommunal veg (15 meter)

Kva er eigedomens status i gjeldande arealdel til kommuneplan?

Er saka kommunalt handsama?

- Ja  Nei (utskrift av byggesaka skal vedleggast)

**Eventuelle andre opplysningar som kan vere relevant for saka (bruk evt vedlegg):**

**Vedlegg som skal følgje søknaden:**

- Situasjonsskart mål 1:500 (tiltak skal teiknast inn)
- Oversiktskart i mål 1:5000


Runde 21/11-2012 Børre K. Eide  
.....  
Stad / dato underskrift

**Søknaden sendast til: Utviklingsavdelinga, Herøy kommune, Pb  
274, 6099 Fosnavåg**

*ei bäl lengd bære*







Kari Mette Runde Eide og Børre Karsten Eide

6096 RUNDE

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2012/2452	9/12		FEL / BRB	24.04.2013

**MTK-SAK 43/13. BØRRE KARSTEN EIDE OG KARI METTE RUNDE EIDE 9/12 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV 2 BUSTADTOMTER.**

Vedlagt fylgjer MTK-sak 43/13.

Maritim og teknisk komite handsama saka i møte 23.04.2013 og gjorde slikt vedtak:

**Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådelling av 2 bustadtomter frå gnr. 9 bnr. 12 på Runde i Herøy. Det vert samstundes gjeve samtykke til frådelling i medhald av § 12 i jordlova.**

**Dersom dei aktuelle tomtene skal tilknyttast kommunevegen er det eit vilkår for dispensasjonen at dette vert basert på ei felles avkøyrsløse og det vert vidare forutsett at dispensasjon frå avstandskrava i veglova vert avklara i samband med evt. bygging på tomte nærast fylkesvegen.**

**Dispensasjonen vert grunngjeven med at det frå før er etablert bustadhus i området og at tiltaket såleis ikkje vil medføre nokon ytterlegare reduksjon for strandsonevernet sidan eit alt eksisterande vegnett avgrensar tomtene mot sjøen.**


*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Med helsing

Brit Berge  
e.f.

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Statens vegvesen region Midt	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Søre Sunnmøre Landbrukskontor		6080	GURSKØY
Herøy kommune, anlegg- og driftsavdelinga	her		



Utviklingsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2012/2452
		Arkiv:	9/12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
43/13	Maritim og teknisk komite	23.04.2013

**BØRRE KARSTEN EIDE OG KARI METTE RUNDE EIDE 9/12 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV 2 BUSTADTOMTER.**

**Tilråding:**

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av 2 bustadtomter frå gnr. 9 bnr. 12 på Runde i Herøy. Det vert samstundes gjeve samtykke til frådeling i medhald av § 12 i jordlova.

Dersom dei aktuelle tomtene skal tilknyttast kommunevegen er det eit vilkår for dispensasjonen at dette vert basert på ei felles avkøyrsløse og det vert vidare forutsett at dispensasjon frå avstandskrava i veglova vert avklara i samband med evt. bygging på tomta nærast fylkesvegen.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at det frå før er etablert bustadhus i området og at tiltaket såleis ikkje vil medføre nokon ytterlegare reduksjon for strandsonevernet sidan eit alt eksisterande vegnett avgrensar tomtene mot sjøen.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

## **Møtebehandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 23.04.2013**

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådelling av 2 bustadtomter frå gnr. 9 bnr. 12 på Runde i Herøy. Det vert samstundes gjeve samtykke til frådelling i medhald av § 12 i jordlova.

Dersom dei aktuelle tomtene skal tilknytast kommunevegen er det eit vilkår for dispensasjonen at dette vert basert på ei felles avkøyrsløse og det vert vidare forutsett at dispensasjon frå avstandskrava i veglova vert avklara i samband med evt. bygging på tomta nærast fylkesvegen.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at det frå før er etablert bustadhus i området og at tiltaket såleis ikkje vil medføre nokon ytterlegare reduksjon for strandsonevernet sidan eit alt eksisterande vegnett avgrensar tomtene mot sjøen.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

#### **Særutskrift:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy  
Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg  
Børre Karsten Eide, 6096 Runde

---

**Vedlegg:**

Kopi av dispensasjonssøknad m/vedlegg og delesøknad frå Børre Karsten Eide, begge datert 11.11.2012.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 01.03.2013.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 01.02.2013.

Kopi av uttale frå Statens Vegvesen, datert 25.02.2013.

Kopi av uttalar frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 21.02.2013.

Kopi av uttale frå Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, datert 23.01.2013.

Utsnitt av ortofoto i M 1:1000 som syner omsøkte frådelingar.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

**Saksopplysningar:****BAKGRUNN:**

Børre Karsten Eide har med utfylt søknadsskjema, datert 11.11.2012, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av 2 bustadtomter frå gnr. 9 bnr. 12 på Runde i Herøy. Han har samstundes sendt inn delesøknad for dei aktuelle tomtene.

Søknaden vart i første omgang avvist med tilvising til at arealbruken i det aktuelle området ville verte vurdert i tilknytning til den pågåande rulleringa av kommuneplanen.

Etter nærare avklaring med tiltakshavar vart imidlertid søknaden sendt på høyring med brev av 18.01.2013. Ein har no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

**SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:**

Det omsøkte tiltaket er lokalisert vest for FV 18, like ved landtilknyttinga for fylkesvegen på Rundesida. Frå før er det oppført eitt bustadhus i same området. I eiga vedlagt grunngjeving vert det opplyst at det aktuelle området ikkje er nyttbart til jordbruk og at tomtene skal tilknytast privat veg. Familien som er tiltenkt den eine tomte og som er i nær slekt med søkjar, har eit sterkt ønskje om å busetje seg på Runde.

Vedlagt søknadane følgde også søknad om dipensasjon frå avstandskrava i veglova for bygging inntil 30 meter frå midtline av fylkesvegen samt søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
  - Møre og Romsdal Fylkeskommune
  - Statens Vegvesen Region Midt
  - Søre Sunnmøre Landbrukskontor
  - Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga
-



### **Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 01.03.2013**

Fylkesmannen uttalar at kommunen må sjå til at dei nye bustadane får ei estetisk god tilpassing til bygde og ubygde omgjevnader, men har elles ikkje har merknader til søknaden.

### **Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 01.02.2013**

Fylkeskommunen uttalar at dei i utgangspunktet er positive til at folk ønskjer å busetje seg på øya, men peikar på dei særskilde omsyna som må takast på Runde i høve til landskapsmessige kvalitetar og verdien for turisme. Dei ønskjer difor ein meir utfyllande søknad med både teikningar og fotomontasjar av planlagde tiltak. Fylkeskommunen ber også om at kommunen vurderar alternative lokaliseringar av tomtene. Avslutningsvis vert det understreka at det er heilt avgjerande for behandlinga av søknaden at det vert utarbeidd gode illustrasjonar som syner verknadane av tiltaket og illustrasjonane bør ha perspektiv både frå sjø og land samt eitt frå brua.

### **Uttale frå Statens Vegvesen av 25.02.2013**

Statens Vegvesen har isolert sett ikkje sterke innvendingar til søknaden, men meiner prinsipielt at arealbruken her burde avklarast meir samla i tilknytning til rulleringa av kommuneplanen. Dei minner også om at fylkesvegen har ei byggegrense på 50 meter frå midtline veg og at bygging på tomtene såleis vil krevje særskildt løyve etter veglova.

### **Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 21.02.2013**

Landbrukskontoret konkluderar i sin uttale med at ei deling av eigedomen som omsøkt ikkje vil kome i konflikt med den avkastninga eigedomen kan gi då arealet er marginalt i høve til landbruksinteressene. Det er vidare Landbrukskontoret si vurdering at bygging av bustader i det aktuelle området heller ikkje vil skape noko andre former for konflikt med landbruksinteressene.

### **Uttale frå Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga av 23.01.2013**

Anleggs- og driftsavdelinga viser i sin uttale til at vegen utover mot Måganeset er kommunal og at byggeavstanden til nye hus i området bør vere den same som for huset på gnr. 9 bnr. 71. Dersom ein vel å knyte tomtene til denne vegen bør dei elles ha felles avkøyrsløse. Ut over dette vert det vist til at kloakkløysinga må tilfredsstillast krava i Forurensingsforskrifta kap. 12 og at eigedomane må sikrast godkjend vassforsyning.

### **Vurdering og konklusjon:**

---

Det omsøkte tiltaket ligg innanfor område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål og krev såleis dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. Sjølv om tiltaket er skildt frå strandsona med vegar er likevel avstanden til sjøen slik at det reint formelt også vil vere avhengig av ein dispensasjon frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona. Avslutningsvis og med tilvising til arealstatusen i kommuneplanen er det også behov for samtykke til frådeling i medhald av § 12 i jordlova.

Når det elles gjeld arealbruken i området så kan det vidare nemnast at i det pågåande arbeidet med rullering av kommuneplanen, så er det gjeve klare signal om at det no omsøkte området bør inngå i eit «LNF-kan»-område.

Korkje Fylkesmannen eller Landbrukskontoret har særskilde merknader til saka. Dette gjeld for øvrig også Statens Vegvesen sjølv om dei viser til byggegrensekrava i veglova. Bygging på tomte nærast fylkesvegen vil nemleg vere avhengig av ein dispensasjon frå avstandskrava, men ein forutset at dette vert avklara i tilknytning til deling av og evt. bygging på tomtene.

Dei punkta som vert lista opp i uttalen frå anleggs- og driftsavdelinga er vel også forhold som i all hovudsak må finne si avklaring gjennom delesaka eller i tilknytning til evt. bygging på tomtene. Det vil imidlertid verte tilrådd å ta inn ein vilkår i vedtaket om felles avkørsle for dei 2 tomtene om dei vel å knyte seg til kommunevegen.

Når det gjeld uttalen frå Fylkeskommunen vil rådmannen berre minne om at saka no gjeld dispensasjon med sikte på frådeling og at det ikkje ligg føre husteikningar m.v. som grunnlag for dei evt. illustrasjonane som vert etterlyst. Etter rådmannen sitt syn burde for øvrig det tilsende materialet vere tilfredsstillande som grunnlag for å uttale seg til søknaden.

Avslutningsvis kan ein frå kommunen si side opplyse at ein ikkje er kjend med at det er registrert særlege miljøverdiar i området som kan verte skada av tiltaket. Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. Naturmangfaldslova §§ 8-10.

Rådmannen kan på dette grunnlag ikkje sjå at ein gjennom tiltaket korkje set til side dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempe.

Rådmannen vil såleis konkludere med å tilrå at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå dele- og byggeforbodet i strandsona samt samtykke til deling i medhald av jordlova med sikte på frådeling av dei 2 tomtene.

#### **Konsekvensar for folkehelse:**

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa uansett utfall av saka.

#### **Konsekvensar for beredskap:**

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

---

**Konsekvensar for drift:**

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.


Fosnavåg, 14.03.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

---



## UTVIKLINGSAVDELINGA

Aksel Lervik

6070 TJØRVÅG

### LØYVE TIL TILTAK UTAN ANSVARSRETT

etter plan- og bygningslova § 20 – 1

Sakshandsamar:	OR	Saksnr.	2013/599
Utvallssaksnr:	135/12	Arkiv:	48/82
		Vedtaksdato:	06.06.2013

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

**Aksel Lervik 48/82 - Løyve til tiltak fylling, båtsoppstillingsplass.**

*Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til rådmannen" pkt. 2, vedteke K-sak 79/12, og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt;*

#### Vedtak:

**A.** Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4, godkjenner utviklingsleiaren søknaden og gir løyve til tiltak utan ansvarsrett, etter pbl § 20-2 og SAK § 3-1, for mindre tiltak på bebygd eigedom gnr 48, bnr 82 slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 12.03.2013.

Utviklingsleiaren gjev løyve til utfylling av ei mindre grunn vik på gnr 48, bnr 82 på Kalveneset.

**B.** Tiltakshavar har ansvar for at arbeidet vert utført i samsvar med dei krav som elles følgjer av reglane gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, SAK (byggesaksforskrift), TEK (teknisk forskrift), kommuneplan, reguleringsplan m.m.

**Dette løyvet og dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Jarl Martin Møller  
Utviklingsleiar  
*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer*

Onar Remøyholm  
Sakshandsamar



### C. Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:

- Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett m/vedlegg, datert 12.03.2013.
- Situasjonsplan, 1:000,
- Foto tatt den 29.04.2013,
- Fråsegn frå Elsa Lervik.

### SAKSOPPLYSNINGAR:

<b>Tiltak:</b>	Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett
<b>Søknadsdato:</b>	12.03.2013
<b>Tiltakshavar:</b>	Aksel Lervik, 6070 Tjørnvåg
<b>Eigedom:</b>	Gnr 48, bnr 82
<b>Planstatus:</b>	Eigedomen er avsett til naustformål i gjeldande arealdel av kommuneplan (2004).

### Vurderingar:

Aksel Lervik søker om løyve til utfylling av ei mindre grunn vik på gnr 48, bnr 82 på Kalveneset. Området som vert søkt utfyllt ligg i eit område som er avsett til naustformål i gjeldande arealdel av kommuneplanen (2004).

Utviklingsleiaren vil understreke at det vart avdekt under synfaring den 29.04.2013 at Aksel Lervik allereie har fylt ut deler av området før vedtak / løyve ligg føre.

Kommunen har vedtatt ein strategi og tilsynsplan og eitt av dei prioriterte områda for 2013 er å følgje opp ulovlege byggjetiltak. Kommunen har gjennom lovverket (plan og bygningslova) høve til å gje overtredelsegebyr etter pbl § 32-8 og vil vurdere om det er grunnlag for å reagere og utstede overtredelsegebyr i denne saka.

### Sakshandsamingsgebyr:

Byggesaksgebyr kr. 945,-

Sum gebyr kr. 945,-

Faktura for gebyret vert utsendt separat.



## Generelle opplysningar

### Bortfall av løyve, jfr. plan- og bygningslova § 23-1

Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at Rammeløyve / byggeløyve er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år.  
Føregåande avgjerd gjeld tilsvarande for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.


Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.

Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane.  
Varer dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomte / anlegget vert rydda. Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal først tilbake til sin opphavlege stand.

Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.

## Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak

<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak.
<b>Kven kan De klage til.</b>	Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd
<b>Fristen til å klage</b>	Klagefristen er <b>3 veker</b> frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast.
<b>Rett til å krevje grunngjeving</b>	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.
<b>Innhaldet i klaga</b>	I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast
<b>Utsetjing av vedtak</b>	Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast.
<b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b>	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
<b>Kostnader ved evt. klagesak</b>	De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekkja vesentlege kostnader i samband med saka.
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen.



## UTVIKLINGSAVDELINGA

Frode Njål Hide  
Kleivalia 8  
6090 FOSNAVÅG

### LØYVE TIL TILTAK UTAN ANSVAR

etter plan- og bygningslova § 20-2

Sakshandsamar:	EFLÅ	Saksnr.	2013/542
Utvalssaksnr:	115/13	Arkiv:	35/158
		Vedtaksdato:	25.04.2013

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

#### Frode Njål Hide - 35/158 - Overbygg terrasse

*Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til administrasjonen" § 3 pkt. 1, vedteke K-sak 91/02, og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt*

#### Vedtak:

- A. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4 – tiltak nærmare enn 4 m, jfr fråsegn datert 15.04.2013.
  - B. Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4, godkjenner utviklingsleiaren søknaden og gir løyve til tiltak utan ansvarsrett, etter pbl § 20-2 og SAK § 3-1, for mindre tiltak på bebygd eigedom gnr 35, bnr 138, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 17.04.2013.  
  
Det vert gitt løyve til oppføring av takoverbygg over delar av eksisterande terrasse – 22m<sup>2</sup> - med ein avstand på 0,5 m til nabogrense mot eigedom gnr 35, bnr 159.
  - C. Tiltakshavar har ansvar for at arbeidet vert utført i samsvar med dei krav som elles følgjer av reglane gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, SAK (byggesaksforskrift), TEK (teknisk forskrift), kommuneplan, reguleringsplan m.m.
1. Før tiltaket kan takast i bruk, **må** det søkast om ferdigattest / mellombels bruksløyve, jfr. pbl §§ 21-9 og 21-10. "Erklæring om ferdigstilling" (sjå vedlegg) må returnerast til kommunen før ferdigattest kan gjevast.

2. Alle vilkår i høve utsleppsløyve for denne egedommen skal vere dokumentert stetta i søknad om ferdigattest / mellombels bruksløyve.

**Dette løyvet og dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Jarl Martin Møller  
Utviklingsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer*

Eivind Flåskjer  
Sakshandsamar

## Stempla og godkjend dokumentasjon:

- Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak med vedlegg
- Fasadeteikningar
- Situasjonsskart M 1:500

## Saksopplysningar:

	Generelle opplysningar
<b>Naboforhold:</b>	Ingen merknad
<b>Planstatus:</b>	Eigedomen er avsett til bustadføremål i RP 9 Fosnavåg Kleiva.
<b>Søknadsdato:</b>	17.04.2013
<b>Plassering:</b>	Avstand til nabogrense 0,5 m.
<b>Areal:</b>	22 m <sup>2</sup>
<b>Anna:</b>	Tiltaket skal oppførast på delar av allereie eksisterande terrasse.

Tiltakshavar / ansvarleg søker har dokumentert at pantehavarar er varsla, og desse har stadfesta at dei ikkje har innvendingar mot at tiltaket vert gjennomført.

## Grunngjeving for dispensasjon:

Dispensasjon frå pbl § 29-4 – jfr fråsegn frå naboeigedomen 35/159.

## Sakshandsamingsgebyr:

Dispensasjon administrativt handsama	kr. 945,-
Bustad/fritidsbygg 945,- + 22x22	kr. 1429,-

Sum gebyr kr. 2374,-

Faktura for gebyret vert utsendt separat.

## Generelle opplysningar Bortfall av løyve, jf. plan- og bygningslova § 23-1

Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at rammeløyve / igangsetjingsløyve / løyve til tiltak er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år.  
Føregåande avgjerd gjeld tilsvarende for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.

Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.

Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgivnadane.  
Varer dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomte / anlegget vert rydda. Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal førast tilbake til sin opphavlege stand.


Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.

## Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak

<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak.
<b>Kven kan De klage til.</b>	Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd
<b>Fristen til å klage</b>	Klagefristen er <b>3 veker</b> frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast.
<b>Rett til å krevje grunngjeving</b>	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.
<b>Innhaldet i klaga</b>	I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast
<b>Utsetjing av vedtak</b>	Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast.
<b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b>	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
<b>Kostnader ved evt. klagesak</b>	De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekkta vesentlege kostnader i samband med saka.
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen.







## Utviklingsavdelinga

# Erklæring om ferdigstilling av tiltak utan ansvarsrett, jfr. plan- og bygningslova § 20-2

## Søknad om ferdigattest

Denne erklæring må sendast inn før tiltaket kan takast i bruk

Søknadspiktige tiltak skal avsluttes med ferdigattest, som utstedes av kommunen når det foreligger nødvendig sluttokumentasjon og erklæring om ferdigstillelse fra tiltakshaver eller ansvarlig søker, jf Plan- og bygningsloven § 21-10.

Gnr.....

bnr.....

Delegert vedtak nr.....

Tiltakshavar:

Telefon:

Adresse:

Postnr:

Stad:

Tiltak:

- |  |                                       |                                   |                                  |
|--|---------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| <input type="checkbox"/> Driftsbygning | <input type="checkbox"/> Mur          | <input type="checkbox"/> Nybygg   | <input type="checkbox"/> Tilbygg |
| <input type="checkbox"/> Levegg        | <input type="checkbox"/> Bruksendring | <input type="checkbox"/> Terrasse | <input type="checkbox"/> Bod     |
| <input type="checkbox"/> Naust         | <input type="checkbox"/> Riving       | <input type="checkbox"/> Uthus    | <input type="checkbox"/> Anna    |

Kort skildring av kva som er utført:

(Foto kan nyttast som tilleggskumentasjon til denne søknaden)

Sluttokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og reglane gitt i eller i medhald av denne lov, jf. Plan- og bygningsloven § 24-10

- Eg stadfestar at det omsøkte tiltaket er utført i tråd med delegert vedtak nr....., og at tiltaket er i samsvar med SAK (byggesaksforskrift) og TEK (Teknisk forskrift) gitt i eller i medhald av plan- og bygningsloven.**

Tiltakshavar søker Herøy kommune om utsteding av ferdigattest, jf SAK § 8-1

.....  
Stad

/

Dato

Underskrift


**Søknad sendast til:**

**Herøy kommune, utviklingsavdelinga, Pb 274, 6099 Fosnavåg**

*ei båt lengd bære*




Postadr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Gateadr.: Rådhusgata 5 6090 Fosnavåg Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 Org.nr.: 964978840  
E-post: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no) [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)



**GODKJ. DS-SAK 115-13**

**HERØY KOMMUNE**  
13.08.2012 1500  
Det kan forekomme feil i kartet





Fasade mot NORD



Fasade mot SØR

TOMT 27.

G.nr.	B.nr.	Leverandør: FOSNAVÅG TREVAREFABRIKK & HØVLERI	
Grunnflate	104,4 m <sup>2</sup>	Byggherre: JOHANGEN WENKHE, HIDE FRODE	
Ber ar h-plan	97 BA	TYPE	118-10+
" " k-plan	19 "		
" " l-plan	"	PLANER, SNITT OG FASADER	
Totalt	118 BA		
		DATO 9-2-87 #B.	
		REV. 24-11-89 #B.	
		REV	
		SKALA 1:100	

**GODKJØPT SAK Hus 15-13 EFLAA**  
**Westlands Hus a.s**  
 HOVEDKONTOR ÅLE SUND

01

35

tykl

HEI  
26/9J-s.  
ak:

må


er  
råveg  
slø

få


til

kar

de

det  
stems.  
f  
øy

Fasade mot NORD



Fasade mot SØR

EKSISTERANDE  
TERRENG.


TOMT 27.

G.nr.	B.nr.	Leverandør: FOSNAVÅG TREVAREFABRIKK & HØVLERI
Grunnflate	104,4 m <sup>2</sup>	Byggherre: JOHANSEN WENCHE, HIDE FRODE
Ber ar h-plan	97 BA	TYPE 118-10 +
" " k-plan	19 "	
" " l-plan	"	PLANER, SNITT OG FASADER
Totalt	118 BA	
		DATO 9-2-87 #B. REV. 24-11-89 #B. REV SKALA 1:100

GODKJ. DS-SAK Hus 15-13 EFLAA

Westlands Hus a.s  
HOVEDKONTOR ÅLE SUND





## UTVIKLINGSAVDELINGA

Aurvoll og Furesund AS  
Mjølstadneset  
6092 FOSNAVÅG

### IGANGSETJINGSLØYVE FOR TILTAK

etter plan- og bygningslova § 20 – 1

Sakshandsamar:	AZT	Saksnr.	2012/1788
Utvalssaksnr:	117/13	Arkiv:	29/329
		Vedtaksdato:	26.04.2013

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

#### Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 29/329 - Løyve til deponering av masser

*Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til rådmannen" pkt. 2, vedteke K-sak 79/12, og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt;*

#### Vedtak:

- A.** Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter, godkjenner utviklingsleiaren søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1 datert

Utviklingsleiaren gjev løyve til deponering av masser innanfor avgrensa areal på **9.6 daa**, markert på vedlagt kartutsnitt og i ein avstand på **45 meter** frå kulturminnet ID-RpBO-ID 109890. Areal som er avgrensa til deponiområde skal stikkast ut i terrenget i tråd med koordinatar som vist på vedlagt situasjonsplan. Deponiområdet skal avgrensast med anleggsgjerdet for den strekinga som er markert med raud linje på vedlagt situasjonsplan.

#### C. Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:

- Søknad om løyve til tiltak
- Søknad om ansvarsrett for SØK og UTF/KUT
- Gjennomføringsplan
- Situasjonsplan M 1:1000

#### D. Godkjenning av ansvars- og kontrollomfang (jfr. pbl kapittel 23 og SAK kapittel 9 og 14)

Følgjande føretak vert godkjende i samband med denne saka, jf. kap. 9 i byggesaksforskriften (SAK 10) og pbl § 22-3 :

<b>Foretak og organisasjonsnr.</b>	<b>Funksjon (SØK, PRO, UTF, kontroll)</b>	<b>Beskriving av ansvarsområdet (arbeid)</b>	<b>Tiltaks-klasse</b>
Aurvoll og Furesund AS 882937402	SØK, ansvarleg søkjar	Heile tiltaket	1
Aurvoll og Furesund AS 882937402	UTF, ansvarleg utførande	Deponering av masser innanfor avgrensa areal	1

**Dette løyvet og dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Jarl Martin Møller  
Utviklingsleiar

Aleksander Zahl Tarberg  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer*

## SAKSOPPLYSNINGAR:

<b>Tiltak:</b>	Deponering av masser
<b>Søknadsdato:</b>	25.04.2013
<b>Tiltakshavar:</b>	Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
<b>Ansvarleg søker:</b>	Aurvoll og Furesund AS
<b>Nabovarsel:</b>	Ikkje naudsynt, då dette ligg innanfor godkjent reguleringsplanar. Grunnavtalar er godkjent og det er gitt løyve til å ta grunnen i bruk.
<b>Eigedom:</b>	Gnr 37 bnr 5 og 26.
<b>Planstatus:</b>	Eigedomen er regulert gjennom 201246 INNFARTSVEG FOSNAVÅG og er avsett til formåla; veg, køyreveg, annan veggrunn og friområde i gjeldande reguleringsplan. Det er regulert tilhøyrande omsynssoner med anleggsbelte og sone for riggplass og deponi.
<b>Areal:</b>	Omlag 9.6 daa – innanfor areal vist i vedlagt situasjonsplan.
<b>Plassering</b>	Innanfor areal vist med skravur «deponi» på vedlagt situasjonsplan. Det må først opp eit anleggsgjerde i samsvar med dei grensene som er vist på kartvedlegget.

Aurvoll og Furesund AS, søker på vegne av Sunnmørsbadet AS, om løyve til deponering av masser innanfor eit areal som er godkjent som veg i gjeldande reguleringsplan for ny innfartsveg til Fosnavåg.

Reguleringsplan for ny innfartsveg, 201246 INNFARTSVEG FOSNAVÅG, er godkjend av kommunestyret i sak 49/13 den 25.04.2013. Det er inngått grunnavtalar for det aktuelle området og det er gjeve løyve til å ta den aktuelle grunnen i bruk.

Det vert her gjeve løyve til deponering av masser til seinare bygging av vegformål i tråd med gjeldande reguleringsplan.

Utviklingsleiaren understreker at det må settast ut anleggsgjerde i tråd med vedlagt situasjonsplan og at avstand til deponigrense må vere på 45 meter til registrert kulturminne RpBO-ID 109890.

### Sakshandsamingsgebyr:

Sakshandsamingsgebyr	kr. 1.597,-
Ansvarsrettar	kr. 1.039,-
<u>Sum gebyr</u>	<u>kr. 2.636,-</u>

Faktura for gebyret vert utsendt separat.

Kopi:

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS  
Anleggs- og driftsavdelinga  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens Vegvesen Region Midt

v/ Roger Myklebust  
Her  
Fylkeshuset 6404 MOLDE  
Fylkeshuset 6404 MOLDE

## Generelle opplysningar

### Bortfall av løyve, jfr. plan- og bygningslova § 23-1

Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at Rammeløyve / byggeløyve er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år.  
Føregåande avgjerd gjeld tilsvarende for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.

Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.

Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane.  
Varer dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomte / anlegget vert rydda. Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal først tilbake til sin opphavlege stand.

Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.

## Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak

<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak.
<b>Kven kan De klage til.</b>	Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd
<b>Fristen til å klage</b>	Klagefristen er <b>3 veker</b> frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast.
<b>Rett til å krevje grunngjeving</b>	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.
<b>Innhaldet i klaga</b>	I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast
<b>Utsetjing av vedtak</b>	Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast.
<b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b>	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
<b>Kostnader ved evt. klagesak</b>	De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekkta vesentlege kostnader i samband med saka.
